



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

Mål- og budsjettdokument 2015-2018

Vedtatt i Telemark fylkesting 10. desember 2014 – sak 99/14



Foto: Dag Jenssen



Innhald

Protokoll frå fylkestinget sak 99/14	1
1. Fylkesrådmannens profil og prioriteringar.....	10
2. Innleiing	13
2.1. Om styringsprosessen og dei sentrale styringsdokumenta	13
2.2. Om budsjettokumentet	14
3. Overordna strategiske utfordringar	15
4. Fylkeskommunens økonomi.....	17
4.1. Resultatmål.....	17
4.2. Prioriterte satsingsområde og tiltak.....	17
5. Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018	21
5.1. Rammer gitt i forslag til statsbudsjett 2015	21
5.2. Frie inntekter i budsjett 2015	22
5.3. Disponering av auka inntekter.....	24
5.4. Innsparingar.....	25
5.5. Økonomiplan 2015-2018.....	27
5.6. Samla finanskostnader i perioden 2015 – 2018	29
6. Investeringsprogram.....	32
6.1. Investeringsstrategi.....	32
6.2. Finansiering av investeringar	32
6.3. Prioriterte investeringstiltak	33
7. Politisk styring og leiing	38
7.1. Økonomisk ramme	39
8. Administrasjon, fellestenester og folkehelse.....	40
8.1. Økonomisk ramme	41
8.2. Resultatmål.....	44
8.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak.....	45
9. Vidaregåande opplæring	47
9.1. Økonomisk ramme	48
9.2. Resultatmål.....	53
9.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak.....	53

10. Tannhelse	56
10.1. Økonomisk ramme	57
10.2. Resultatmål	59
10.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak	59
11. Regional utvikling	61
11.1. Økonomisk ramme	62
11.2. Resultatmål	65
11.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak	66
12. Areal og transport	69
12.1. Økonomisk ramme	70
12.2. Resultatmål	73
12.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak	74
Tabellvedlegg	77

Protokoll frå fylkestinget sak 99/14

SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 14/00284

Arkivkode

Sakshandsamar Ailin Aastvedt

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for næringsutvikling	04.11.2014	52/14
2 Yrkesopplæringsnemnda	31.10.2014	47
3 Hovudutval for samferdsel	03.11.2014	53
4 Hovudutval for kompetanse	05.11.2014	51
5 Hovudutval for kultur	05.11.2014	72
6 Fylkesutvalet	18.11.2014	136/14
7 Fylkestinget	09.12.2014	99/14
8 Administrasjonsutvalet	10.11.2014	8/14

Mål- og budsjettdokument 2015-2018

Fylkestinget har handsama saken i møte 09.12.2014 sak 99/14

Møtehandsaming i fylkestinget

Representanten Lise Wiik, A, fremma posisjonen sitt forslag frå fylkesutvalet med endringar:

Forslag til endringer Mål- og budsjett 2015-18

DRIFTSDELEN

Tall i 1000-kr

		Årsbudsjett 2015	Årsbudsjett 2016	Årsbudsjett 2017	Årsbudsjett 2018
		Økte utg./	Økte utg./	Økte utg./	Økte utg./
		red. innt.	red. innt.	red. innt.	red. innt.
	Kompetanse				
1	Videreføre gratis elev-PC	2 000	2 000	2 000	2 000
2	Til disposisjon for hovedutvalg for kompetanse *	4 000	987	987	987
3	Støtte Kvitsund Gymnas	250			
4	Sunne kantiner	100	100	100	100
5	Økt fysisk aktivitet i skolen	100	100	100	100
	Samferdsel				
6	Avsetning til hovedutvalget til arbeid for miljøtiltak, trafikksikkerhet gjennom året.	1 000	500	500	500
	Næring				
7	Intensivert arbeid for å skape flere arbeidsplasser og økt tilflytting til Telemark **	5 000	2 000	2 000	2 000
	Kultur				
8	Arrangement og prosjekt ***	700	700	700	700
9	Avsetning til utvalget for arbeid gjennom året for frivillig arbeid i Telemark	800	500	500	500
10	Folkehelse. Tilskudd til å opprettholde aktivitetstilbud i partnerskapsavtalene med Telemark Idrettskrets, Telemark Turistforening og Røde Kors	500			
11	Unesco/verdensarv/merkevare Telemark **	1 000	1 000	1 000	1 000
12	Internsjonal t solidaritetsarbeid		500	500	500
13	Administrasjon av den kulturelle spaserstokken	130	130	130	130
14	Lysbuen	500			
15	Privatarkiv i Telemark	600	1 200	1 200	1 200
16	Fylkesbiblioteket	130	130	130	130
17	Medlemsskap Sør Norsk Filmsenter	350	240	240	240

	Sum økte utgifter/ reduserte inntekter	17 160	10 087	10 087	10 087
		Økte innt./	Økte innt./	Økte innt./	Økte innt./
	Saldering	red. utg.	red. utg.	red. utg.	red. utg.
18	Bruk av disposisjonsfond (totalt på 10,77 millioner)	10 077	10 087	10 087	10 087
19	Bruk av rentebufferfond	7 083			
	Sum inndekning	17 160	10 087	10 087	10 087

* for arbeid med spesialundervisning, etterutdanning av lærere, innsats for bedret skolehelsetjeneste, opprettholdelse av klasser ved distriktsskoler med lavt elevtall, tilrettelegging e-læring for at elever kan ta fag på andre skoler enn de går på. Det skal også være et særskilt fokus på arbeid mot mobbing

** Dette skal være et samarbeid mellom næringselskaper, kommuner, fylkeskommune, IN, LO, NHO og enkeltbedrifter i Telemark. Mål: Flere arbeidsplasser og økt tilflytting til Telemark. Samordning av ulike enkeltprosjekter. TFK som nav i næringsarbeidet i Telemark.

*** Det settes ned en arbeidsgruppe som går gjennom kriteriegrunnlag og vurdering av fremtidige rammevilkår for arrangement og prosjekt

Representanten Gunn Marit Helgesen, H, fremma følgjande forslag frå H, V og KrF:
Kvitsund Gymnas tilføres kr. 335.000,- i 2015, som videreføres i økonomiplanperioden.

Representanten Gunn Marit Helgesen, H, fremma sitt forslag frå fylkesutvalet med følgjande endringar:

Endring i forslag frå fylkesutvalet frå H, V, KrF og Frp:

Kultur:

+ 2 mill til frivillige lag og organisasjoner og øvrige tiltak på kulturområdet.

Dekning:

Kr. 10 mill. politisk prioritering

Redusere fondsmidler med Kr 23 mill.

Vkt samarbeid videreføres, Kr. 3 mill.

Redusert egenfinansiering lån fra 53 til 39 mill. kr. 14 mill.

Sum 50 mill.

Samferdsel.

a. Rammen økes med 20 millioner som avsettes til økt dekkelegging.

b. Fylkestinget ber om det legges frem en sak om opprustning av Valebøveien. I saken bes det beskrevet løsninger for å øke høyden på kjøretøy i forbindelse med jernbanekrysninger/underganger. Det bes også om en vurdering av behovet for opprustning av delstrekninger på vegen.

Til planlegging avsettes det 1 mill.

c. Kr. 5 mill. til hovedutvalgets disposisjon til kollektivtiltak.

Næring.

a. 5 millioner avsettes til utvalgets disposisjon til vekstfremmende tiltak.

b. 2 mill. avsettes til prosjekter som kan fremme vekst innen Skogsnæringen og havbruksnæringen i Telemark.

Kompetanse.

a. Rammen økes med 2,3 mill. til videreføring av Elev Pc ordningen. 2 mill. avsettes til kompetansehevingstiltak for pedagogisk personell og 700 tusen til hovedutvalgets disposisjon.

Fylkestinget ønsker å igangsette et pilotprosjekt for å øke antall lære plasser i utsatte yrkesfag. Fylkesrådmannen bes innenfor en ramme på 3 mill. å øke lærlingstilskuddet/stimuleringsstilskudd for nye lærebedrifter i fag hvor det er mangel på lærlingeplasser som et alternativ til VG3 kurs. Fylkesrådmannen bes legge frem en sak som beskriver hvordan dette kan gjennomføres.

Internasjonalisering.

a. 2 mill. avsettes til deltagelse i Eu programmer

Kultur.

a. 1 mill. til Kultur tiltak rettet mot eldre

b. 1 mill. til frivillige lag og organisasjoner.

c. 2 mill. til arbeid og prosjekter i forbindelse med UNESCO søknad. (lysbuen)

d. 3 millioner til museumsformål.

Verbalforslag.

Fylkesordfører og gruppeledere bes legge frem en sak om politisk organisering for neste valgperiode som reduserer antall medlemmer i utvalgene.

Fylkeskommunen eier i dag halvparten av ferjeselskapene i Brevik og Kragerø, samt at man er storaksjonær i et av rederiene som trafikkerer Telemarkskanalen. Fylkestinget ber

fylkesrådmannen om å undersøke mulighetene for å samordne og effektiviserer administrasjon og teknisk drift i disse selskapene.

Fylkestinget ber om det legges frem en sak om hvordan fylkeskommunen i samarbeid med aktuelle kommuner og interessenter kan legge til rette for ny industri og næring på frier vest i Bamble og øvrige Telemarkskommuner

Representanten Thorleif Fluor Vikre, Frp, fremma følgjande forslag:

Verbalforslag:

1.

Telemark fylkeskommune endrer i tråd med flertall av befolkningen i Telemark, status til språklig nøytral fylkeskommune. Sakspapirer til politiske organ blir fra neste fylkestings periode 2015 – 2019, skrevet på det målform som saksbehandler ønsker å skrive.

2.

Fylkestinget ber rådmannen legge frem en sak som ser på hvordan fylkeskommunen som kanaleier kan få lagt stabile rammer for fremtidig drift og investering på kanalen.

3.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen avklare om enkeltkommuner eller kommuner i samarbeid ønsker å overta ansvaret for drift av videregående skoler i sitt område.

Økonomiforslag:

Ansvar 1.Styring, adm. og fellestjenester

Politisk styring.

4.

Fylkestinget reduseres til 35 medlemmer med virkning fra fylkestingsvalget 2015.

5.

Fylkesordfører og fylkesrådmann bes legge frem forslag til annen organisering av møter i fylkesting, fylkesutvalg og hovedutvalg som reduserer kostnader.

6.

Grp. Ansvar 1, 1999 Innsparingskrav økes fra 1500 000,- til 3000 000,-

7.

1133 Stillingsbanken avvikles fra 01.07.15, Innsparing 2 975 500,-

Ansvar 2. Videregående opplæring

8.

Fylkestinget ønsker å styrke arbeidet med kompetanseheving av lærere, samt øke antallet lærere som deltar i det nasjonale kompetansehevings prosjektet ”Kompetanse for Kvalitet” og bevilger 2,975 mill. til tiltaket.

Dekning. Post 1133 Stillingsbanken

Representanten Edvard Mæland, H, fremma følgjande forslag på vegne av H og SV:

Fylkestinget ber om at det blir lagt fram ei sak om regelverk for Telemark fylkeskommune om innkjøp av tenester.

Regelverket må berøre forhold om sosial dumping, svart arbeid, lærlingordning etc. Jfr. Skien kommune sitt regelverk.

Votering

Forslag frå Fluer Vikre:

Pkt. 1 – forslaget fekk 16 røyster og falt.

Pkt. 2 – forslaget blei samrøystes vedtatt

Pkt. 3 – forslaget fekk 6 røyster og falt

Pkt. 4 – forslaget fekk 5 røyster og falt

Pkt. 5 – forslaget fekk 5 røyster og falt

Pkt. 6 – forslaget fekk 5 røyster og falt

Pkt. 7 – forslaget fekk 5 røyster og falt

Pkt. 8 – forslaget fekk 5 røyster og falt

Forslag frå Mæland blei samrøystes vedtatt.

Justert forslag frå Wiik blei sett opp mot justert forslag frå Helgesen.

Justert forslag frå Wiik blei samrøystes vedtatt.

Øvrige forslag frå fylkesrådmannen blei samrøystes vedtatt.

Vedtak

Mål- og budsjettdokument (MoB) 2015-2018 (årsbudsjett 2015 og økonomiplan for 2016-2018) for Telemark fylkeskommune blir vedtatt i samsvar med framlegget frå fylkesrådmannen og med følgjande endringar.

Fylkesrådmannen viser til den framlagte økonomiplanen og kjem med følgande tilråding:

- 1. Økonomiplan for 2015-2018 blir vedtatt med dei tiltak og økonomiske rammeføresetnader som går frå av fylkesrådmannen sitt forlag. Økonomiplan for 2015-2018 blir vedtatt med netto rammebeløp for rammeområda som går fram av budsjettskjema 1B i vedlegg til Mål- og budsjettdokumentet.*
- 2. Fyrste året i økonomiplanen blir vedtatt som fylkeskommene sitt årsbudsjett for 2015 med ei samla ramme til fordeling drift på kr 1 814 364 000 (jf. budsjettskjema 1A i vedlegg) og ei brutto utgiftsramme for investeringsbudsjettet på kr 311 170 000 (jf. Budsjettskjema 2A i vedlegg)*
- 3. Ramma for investeringar i anleggsmiddel for 2015 fastsettast til 294 070 000 (jf. Budsjettskjema 2A i vedlegg) og fordelas i samsvar med spesifikasjon til budsjettskjema 2B presentret i vedlegg. Fylkestinget godkjenner låneopptak til finansiering av investeringsprosjekta med inntil kr 180 988 000. Avdragstida fastsettast til opp mot det maksimale av kva som er tillat i forskriftene. Eigenkapitainnskott i KLP på kr 2 100 000 finansierast ved bruk av ubunden investeringsfond. Utlån til finansiering av E134 ved Grunge kyrkje på kr 15 000 000 finansierast ved bruk av disposisjonsfond.*
- 4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å velje finansieringsform og finansieringsinstitusjon samt akseptere rente- og avdragsvilkår og underteikne lånedokument.*
- 5. Hovudutvala har fullmakt til å fordele på dei respektive budsjettrammeområda. Fylkesrådmannen har fullmakt til å fordele på rammeområde 1.*

6. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere budsjettet i samsvar med fordelinga av lønnsreserven satt av på ansvar 8*

7.

Vedtatte endringer Mål- og budsjett 2015-18

DRIFTSDELEN

Tall i 1000-kr

		Årsbudsjett 2015	Årsbudsjett 2016	Årsbudsjett 2017	Årsbudsjett 2018
		Økte utg./	Økte utg./	Økte utg./	Økte utg./
		red. innt.	red. innt.	red. innt.	red. innt.
	Kompetanse				
1	Videreføre gratis elev-PC	2 000	2 000	2 000	2 000
2	Til disposisjon for hovedutvalg for kompetanse *	4 000	987	987	987
3	Støtte Kvitsund Gymnas	250			
4	Sunne kantiner	100	100	100	100
5	Økt fysisk aktivitet i skolen	100	100	100	100
	Samferdsel				
6	Avsetning til hovedutvalget til arbeid for miljøtiltak, trafiksikkerhet gjennom året.	1 000	500	500	500
	Næring				
7	Intensivert arbeid for å skape flere arbeidsplasser og økt tilflytting til Telemark **	5 000	2 000	2 000	2 000
	Kultur				
8	Arrangement og prosjekt ***	700	700	700	700
9	Avsetning til utvalget for arbeid gjennom året for frivillig arbeid i Telemark	800	500	500	500
10	Folkehelse. Tilskudd til å opprettholde aktivitetstilbud i partnerskapsavtalene med Telemark Idrettskrets, Telemark Turistforening og Røde Kors	500			
11	Unesco/verdensarv/merkevarer Telemark **	1 000	1 000	1 000	1 000
12	Internsjonal t solidaritetsarbeid		500	500	500
13	Administrasjon av den kulturelle spaserstokken	130	130	130	130
14	Lysbuen	500			

15	Privatarkiv i Telemark	600	1 200	1 200	1 200
16	Fylkesbiblioteket	130	130	130	130
17	Medlemsskap Sør Norsk Filmsenter	350	240	240	240
	Sum økte utgifter/ reduserte inntekter	17 160	10 087	10 087	10 087
		Økte innt./	Økte innt./	Økte innt./	Økte innt./
	Saldering	red. utg.	red. utg.	red. utg.	red. utg.
18	Bruk av disposisjonsfond (totalt på 10,77 millioner)	10 077	10 087	10 087	10 087
19	Bruk av rentebufferfond	7 083			
	Sum inndekning	17 160	10 087	10 087	10 087

* for arbeid med spesialundervisning, etterutdanning av lærere, innsats for bedret skolehelsetjeneste, opprettholdelse av klasser ved distriktsskoler med lavt elevtall, tilrettelegging e-læring for at elever kan ta fag på andre skoler enn de går på. Det skal også være et særskilt fokus på arbeid mot mobbing

** Dette skal være et samarbeid mellom næringssselskaper, kommuner, fylkeskommune, IN, LO, NHO og enkeltbedrifter i Telemark. Mål: Flere arbeidsplasser og økt tilflytting til Telemark. Samordning av ulike enkeltprosjekter. TFK som nav i næringsarbeidet i Telemark.

*** Det settes ned en arbeidsgruppe som går gjennom kriteriegrunnlag og vurdering av fremtidige rammevilkår for arrangement og prosjekt

8. Fylkestinget ber rådmannen legge frem en sak som ser på hvordan fylkeskommunen som kanaleier kan få lagt stabile rammer for fremtidig drift og investering på kanalen.
9. Fylkestinget ber om at det blir lagt fram ei sak om regelverk for Telemark fylkeskommune om innkjøp av tenester. Regelverket må berøre forhold om sosial dumping, svart arbeid, lærlingordning etc. Jfr. Skien kommune sitt regelverk.

I. Fylkesrådmannens profil og prioriteringar

Mål og budsjettdokumentet for 2015 – 2018 er ei vidareføring av det arbeidet som er starta for å skape ei heilskapleg styrings- og leiarplattform for Telemark fylkeskommune. I dette dokumentet er det forsøkt å vere så konkret og tydeleg i både prioritering av satsingsområde og tiltak at dokumentet kan fungere som eit velegna verktøy for:

- politisk styring og prioritering
- målstyring ved dei ulike avdelingane
- grunnlag for rapportering

I behandlinga av LTP (FT-sak 34/14) vedtok fylkestinget ein plan for reduksjon av driftsrammene på 60 mill. kr innan 2018, og grep for å skape politisk handlingsrom. Dei ulike rammeområda har gjort innsparingstiltak fordelt ut etter driftsnivå i samanliknbare fylkeskommunar. I kommuneproposisjonen ble det varsla 10 mill. kr i tapte inntekter for Telemark fylkeskommune som følgje av omlegging av inntektssystemet for fylkeskommunane. Regjeringas forslag til statsbudsjettet for 2015 viste at Telemark fylkeskommune tapar heile 60 mill. kr. Tapet får først full verknad i 2019. Dette har medført at innsparingstiltaka likevel ikkje gir det handlingsrommet ein i utgangspunktet hadde planlagt.

Fylkesrådmannen har ikkje gjort framlegg om innsparingar på politisk verksemd, men har foreslått å ta dei aktuelle meirutgiftene i valåret inn i budsjett for 2015 og synleggjort eit potensial for dei komande åra i perioden. Fylkestinget oppmoda om at Regional utvikling skulle skjermast når det gjeld fordeling sett opp mot dei andre ansvarsområda. Her er delar av innsparingskravet redusert og innsparingane på administrasjon og fellestenester tilsvarande auka. Når det i statsbudsjettet er lagt opp til ein effektiviseringsprofil i all offentleg forvaltning, har vi også følgd opp dette i administrasjonen i Telemark fylkeskommune.

Vidaregåande opplæring er også skjerma i den form at dei må ta innsparingar i samsvar med den reelle nedgangen som kjem i elevtal, men ikkje tiltak ut over dette. Areal og transport har følgd same prosess på innsparingskrav som dei andre avdelingane. Som følgje av fylkesrådmannens prioriteringar i salderingsprosessen og signal i statsbudsjettet er kutta i dekkelegging reversert dei tre første åra i økonomiplanperioden, og innsparingsmålet for denne avdelinga er flytta ut til 2018. Økt framkommelegheit på fylkesvegane er også eit tiltak som bidrar til regional utvikling. Om Bypakke Grenland blir vedtatt i Stortinget hausten 2014, vil dette danne grunnlaget for ei solid satsing i samarbeid mellom stat, fylkeskommune og Grenlandskommunane. Utviklinga av trafikksystemet har som mål å bidra til et Grenland som er attraktivt å bo og arbeide i.

Etter at digital strategi blei vedtatt i fylkestinget i juni 2013 (FT-sak 36/13) er det gjort et monaleg arbeid på gevinstrealisering der ein både har nådd mål for kvalitetssikring og effektivisering. Dette arbeidet blir vidareført og strategien skal reviderast i fylkestinget i 2015. Det er også lagt opp til ei vidare satsing for å utvikle ein omstillingsdyktig organisasjon internt og samstundes vere rusta til å kunne bidra til omstillingsarbeid i kommunane i Telemark. Hovudmålet ligg i at det arbeidet vi gjennomfører i Telemark fylkeskommune skal kunne bidra til ein meirverdi for heile samfunnet og at dei konkrete tiltaka kan leggje grunnlaget for å skape fleire arbeidsplassar i fylket vårt.

Fylkestinget fatta i juni (FT-sak 44/14 og 39/14) vedtak om at TFK eiendom og VKT skulle innlemmast i den ordinære fylkeskommunale organisasjonen. For å ivareta desse oppgåvene på ein god måte, og i effektivt samspel med resten av organisasjonen, er det viktig å kunne legge til rette for at dei tilsette herifrå også kan få kontor plass på fylkeshuset. I dette budsjettframlegget er det både tatt omsyn til naudsynt omstillingsarbeid og praktisk tilrettelegging.

Leiarutviklingsprogrammet for heile den fylkeskommunale organisasjonen starta opp hausten 2014 og blir vidareført og avslutta i 2015. Dette har gitt oss eit godt rom til å byggje ei felles leiarplattform og utvikle eit felles verdisett. Vi skal kunne fungere som *ein* organisasjon, uansett om verksemda fysisk er plassert i Grenland eller i Vinje.

Den pågåande kommunereforma kan få innverknad både på oppgåveløysinga for kommunane i Telemark og for fylkeskommunen. Når bedrifter skal etablere seg, ser dei ikkje på kvar kommunegrensar går, men på den marknaden dei skal tene og kvar dei finn dei viktigaste samarbeidspartnarane. Fylkeskommunens bidrag i dag, gjennom vidaregåande opplæring, infrastruktur, tilbod innan tannhelsetenesta, i folkehelsearbeidet og gjennom regionalt utviklingsarbeid både internasjonalt, regionalt og lokalt, skal vidareutviklast slik at vi heile tida kan vere eit godt supplement til dei tilboda stat og kommune har. Forbetringsarbeidet skal mellom anna utviklast gjennom kommuneavtalene med den einskilde kommune og gjennom felles leiarmøte med fylkesmannen.

Planarbeidet for ny Skien vidaregåande skule starta i 2014 og, ved inngangen til 2015 skal entreprenørgrupperinga vere på plass. Dette året skal den nye skulen «skapast» i tett samspel mellom dei framtidige brukarane, entreprenør, skuleeigar og alle dei aktuelle samarbeidspartnarane. Dette er det største investeringsprosjektet i Telemark fylkeskommunes historie, og fylkestinget gjorde i oktober 2013 (FT-sak 53/13) vedtak om at arbeidet skal følgjast tett for å sikre motarbeiding av sosial dumping og ivaretaking av at alle kontraktpartnerane utfører arbeid med eigne tilsette og at det er lærebedrifter på alle dei områda der det er aktuelt.

Både i eigne, interne arbeidsprosessar og i alt samarbeid med eksterne aktørar skal vi vere opptekne av forbetring. Gjennom denne satsinga blei risikostyringsgruppa etablert i 2014. Denne gruppa har kome godt i gang med sine oppgåver. I tida framover arbeider vi med vidareutvikling gjennom å sjå på nye løysingar i det daglege arbeidet. Vi vil utvikle ein kultur der vi i den daglege drifta skal søke å skape dei smartaste løysingane og tenke nyskaping.

Innovative innkjøp, i nært samarbeid med kommunane og andre aktuelle samarbeidsaktørar, er eit satsingsområde.

Telemark fylkeskommune er ein av dei fylkeskommunane som har aller høgast lånegjeld. I dette budsjettarbeidet har vi, i tråd med fylkestinget sine prioriteringar, lagt hovudvekt på å ta ned driftsnivået for å kunne skape politisk handlingsrom og å satse på ein større del av eigenfinansiering i framtidige investeringsprosjekt. På denne måten kan ein større del av fylkeskommunens inntekter brukast på tenesteområda framfor renter og avdrag på gjeld. Statsbudsjettet viste betydelige kutt i rammetilskottet, slik at innsparingane likevel ikkje gir det handlingsrommet ein i utgangspunktet hadde planlagt.

Fylkesrådmannen ønskjer at mål og budsjettdokumentet skal vere eit godt styringsverktøy for politisk leiing og ein nyttig reiskap til effektiv oppgåveløysing internt i eigen organisasjon. Medarbeidarar som opplever at dagleg arbeidsinnsats gir positive effektar i omgivnaden, vil også oppleve trivsel og arbeidsglede på jobb. Vår innsats skal innebere ein meirverdi i *alle* samarbeidsprosjekt vi er inne i.



Evy-Anni Evensen


fylkesrådmann

2. Innleiing

2.1. Om styringsprosessen og dei sentrale styringsdokumenta

Mål- og budsjettdokumentet for Telemark fylkeskommune byggjer på vedtaket om Langtidsprioriteringar (LTP). Denne blir handsama og vedtatt kvart år i junininget.

Der saka om Langtidsprioriteringar tar for seg meir langsiktige utfordringar og strategiske grep for å møte desse, ser Mål- og budsjettdokumentet (MoB) på fylkeskommunen sin økonomi dei neste fire åra, med særskilt omsyn til kommande budsjettår. LTP tar utgangspunkt i den Regionale planstrategien (RPS) med vekt på berekraft. MoB byggjer vidare på dei prioriterte satsingsområda i LTP, og konkretiserer desse gjennom kva slags tiltak som skal skje kommande periode. Dette kan illustrerast slik:



2.2. Om budsjettdokumentet

Fylkestinget vedtar årsbudsjettet og økonomiplanen på rammeområda som nettoløyving. Hovudutvala har fullmakt til å fordele fylkestingets løyving på ansvar som nettoløyving innanfor sitt rammeområde. Fylkesrådmannen har disposisjonsfullmakt innanfor den fordelinga på ansvar som hovudutvala har vedtatt. Fylkesrådmannen kan delegere disposisjonsfullmakta vidare. Sidan årsbudsjettet er bindande på det nivået som fylkestinget vedtar det, er følgjande prosess lagd til grunn:

- Fylkesrådmannen legg fram sitt budsjettforslag med fordeling av nettoløyving på rammeområde. Som vedlegg følgjer obligatoriske hovudoversikter.
- Fylkesrådmannen sitt forslag blir lagt fram for hovudutvala og deretter fylkesutvalet.
- Fylkestinget vedtar driftsbudsjettet med fordeling av nettoløyvingar på rammeområde.
- Fylkestinget vedtar investeringsbudsjettet med fordeling på prosjekt.

I kap. 1 presenterer fylkesrådmannen dei vesentlegaste prioriteringane i komande økonomiplanperiode.

Kap. 2 forklarar nærare oppbygging og innhald i MoB 2015-2018.

Kap. 3 skisserer dei overordna strategiske utfordringane for Telemark fylkeskommune. Det er desse som dannar grunnlag for mål, prioriterte satsingsområde og tiltak i MoB 2015-2018.

I kap. 4 gir ein omtale av økonomiske utfordringar, og korleis fylkesrådmannen har valt å møte desse utfordringane.

I kap. 5 er hovudtala i økonomiplan 2015-2018 presenterte. Serleg omtale får sentrale inntekts- og utgiftspostar som set rammene for beløp som er til fordeling på rammeområda. Innsparingsplan for økonomiplanperioden er også presentert her.

I kap. 6 gir ein oversikt over investeringsprogram og finansiering av investeringane.

Kap. 7- 12 utdjupar budsjettet på dei enkelte rammeområda. Først blir den økonomiske ramma presentert, med ei nærare forklaring av auke i utgiftene og innsparingar. Auke i utgifter og innsparingar er også presentert i tabellform i vedlegg 9. Tekniske endringar og allereie vedtatte endringar er presentert i vedlegg 8.

Kvart rammeområde omtalar også dei tiltaka som er planlagt iverksett for å nå resultatmål og prioriterte satsingsområde i komande økonomiplanperiode.

3. Overordna strategiske utfordringar

For å ivareta samfunnsoppdraget må fylkeskommunens utfordringar vurderast ut frå to ulike perspektiv. På den eine sida er utfordringane knytte til det å utvikle Telemark som samfunn og levere gode tenester til innbyggjarane og brukarane. På den andre sida er utfordringane knytte fylkeskommunen som organisasjon. Samfunnsoppdraget føreset ein organisasjon med kompetente medarbeidarar og gode arbeidsprosesser, som sikrar kvalitet og effektivitet. Ein oppsummering av både eksterne og interne utfordringar gir følgjande strategiske hovudutfordringar :

- Hovudutfordringa for Telemark er å få auka befolkningsvekst og betre arbeidsplassutvikling. Tilgang til arbeid er ein føresetnad for auka folkevekst.
- For å utvikle robuste arbeidsplassar, må innovasjonskrafta styrkast i næringsliv og offentleg sektor gjennom auka forskingsinnsats og forsterka regionalt, nasjonalt og internasjonalt samarbeid. For å sikre realisering av nye prioriterte investerings- og utviklingstiltak må det satsast sterkare på auka finansiering frå nasjonale og internasjonale verkemidlar.
- For å utvikle lokalt næringsliv og auka tilgang til større arbeidsmarknad, krevst effektive kommunikasjonsløysingar gjennom satsing på jernbane og veg. Telemark må velje areal- og transportløysingar som bidrar til næringsutvikling og fremmer miljøvennlege transportformer, god folkehelse og god samfunnsøkonomi.
- For Telemark fylkeskommune gir dette som hovudutfordring å ta tydelege grep om næringsutvikling, arealbruk og infrastruktur som har mest mogleg direkte effekt for ei positiv arbeidsplassutvikling.
- For å auke utdannings- og kunnskapsnivået i fylket må det til ei felles satsing på eit samanhengande utdanningsløp frå barnehage til høgskule/universitet.
- Fylkeskommunen må utvikle meir forpliktande former for samhandling både med kommunane og andre sentrale aktørar i fylket, og etablere langsiktige regionale alliansar (regionbygging) med aktørar utanfor fylket der det er formålstenleg for å få auka gjennomføringskraft.
- Fylkeskommunen må auke ressursutnyttinga gjennom satsing på digitale løysingar, kvalitetsutvikling og intern samhandling. Fylkeskommunen skal ha folkehelse og internasjonalt arbeid som tverrgåande satsingar i alle fagavdelingar.
- Fylkeskommunen må sikre ein kompetent organisasjon som kan løyse morgondagens utfordringar gjennom kompetanseutvikling, leiarutvikling og god bedriftskultur.

I tillegg inneber kommunereformarbeidet ei særskilt utfordring for fylkeskommunane. I 2015 vil venteleg oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa bli nærare avklart. Det kan få konsekvensar for fylkeskommunale oppgåver. Samtidig vil ein ny kommunestruktur

innebere at fylkeskommunen må innrette seg mot nye aktører og samarbeidspartnarar. Det er difor viktig at fylkeskommunen følgjer dei pågåande prosessane tett for å vere best mogleg førebudd til dei endringane som måtte kome.

4. Fylkeskommunens økonomi

4.1. Resultatmål

Følgjande resultatmål for området økonomi blei vedtatt i fylkestingsak 34/14
Langtidsprioriteringar for 2015 – 2018:

Utfordringar	Resultatmål
Auka økonomisk handlingsrom	<ul style="list-style-type: none"> • Årleg netto driftsresultat (resultatgrad) på minst 3 % • Avsetning av positivt premieavvik til pensjonsfond (opptrapping) • Sum investeringar i perioden 2015-18 skal finansierast med 44 % eigenkapital • Avvik frå budsjett maksimalt 1 % • Avsette regnskapsmessige mindreforbruk til disposisjonsfond • Finansiere meirforbruk i drifta innafor driftsrammene i samsvar med reglement for resultatvurdering

4.2. Prioriterte satsingsområde og tiltak

Etablere felles forståing og innsikt i heile organisasjonen for den økonomiske situasjonen

- Løpande informasjon i ulike interne fora om den økonomiske situasjonen, og tett dialog med tillitsvalde
- Involvering av tilsette i oppfølging av innsparingstiltak
- Stor grad av involvering av fylkesrådmannens leiargruppe i økonomisk oppfølging gjennom året
- Bruk av kommunikasjonsavdelinga for å sikre god og forståeleg økonomisk kommunikasjon

Oppnå dei økonomiske målsettingane

Fylkeskommunen skal ha ein sunn økonomi. I tråd med Teknisk berekningsutval (TBU) blir netto driftsresultat nytta som hovudindikator for mål på økonomisk balanse i kommunar og fylkeskommunar. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskott etter at renter og avdrag er betalte, og er eit uttrykk for kva kommunar og fylkeskommunar har til disposisjon til avsetningar og investeringar.

Gjennomsnittet for fylkeskommunane var på 6 % i 2013. TBU har i fleire år rådd til at netto driftsresultat over tid bør utgjere om lag 3 % av inntektene for å sikre stabilitet og handlingsrom. Nye berekningar visar at dette truleg er for høgt for kommunane, og for lågt for fylkeskommunane. Fylkeskommunane bør ha eit netto driftsresultat på minst 4 % for å ha ein sunn økonomi.¹ For fylkeskommunane er årsaka i hovudsak at overtaking av riksveger medførte at ein større del av rammetilskottet er knytt til investeringar, og bør overførast frå drift til investering. For å oppnå dei økonomiske målsettingane vil Telemark fylkeskommune:


- Budsjettere med eit årleg netto driftsresultat på over 3 % i heile økonomiplanperioden
- Opptrapping av avsetning av positivt premieavvik til fond
- Auka eigenkapitalfinansiering av investeringane. Auka eigenfinansiering vil bremse veksten i lånegjelda og finansutgiftene
- Sette krav til at driftsområda må dekke inn meirforbruk innanfor eigen ramme
- Avsetting av rekneskapsmessig mindreforbruk til disposisjonsfond
- Systematisk arbeid med effektivisering og gevinstrealisering
- Aktiv oppfølging og politisk rapportering gjennom året av vedtatte innsparingstiltak

Netto driftsresultat

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 3,2 % i 2015. Dersom netto driftsresultat skulle vore på det anbefalte nivået på 4 %, måtte overføring frå drift til investering bli auka med om lag 17 mill. kr. i 2015.

Netto driftsresultat ligg innafor Telemark fylkeskommune sin målsetting om 3 % netto driftsresultat i 3 av åra i økonomiplanperioden. I 2017 er netto driftsresultat budsjettert noko lågare; 2,8 %.

¹ Tidligere anbefaling frå TBU var på 3 %. Endring til 4 % kom etter at målsettingane blei vedtatt i LTP 2015-2018.



Figur 1 Netto driftsresultat i % av driftsinntekter rekneskap 2013, budsjett 2014 og økonomiplan 2015-2018.

Premieavvik

Telemark fylkeskommune har eit akkumulert pensjonspremieavvik som ved utgangen av 2013 var på 171 mill. kr. Dette er utgifter som skal belaste drifta over dei neste åra. Belastinga dei neste fem åra vil ligge på om lag 20 mill. pr. år. I tillegg kjem nye premieavvik i åra som kjem.

For å møte desse framtidige utgiftene har Telemark fylkeskommune over fleire år sett av midlar til premieavviksfond. Pr 31.12.13 var fondet på 102 mill. kr. Dette er midlar som skal brukast til å finansiere utgiftsføring av premieavviket i drifta. Fondet må aukast med 69,1 mill. kr for å få fullt samsvar mellom akkumulert premieavvik og fondsavsetning.

Differansen mellom premieavviksfondet og akkumulert premieavvik aukar kvart år i økonomiplanperioden. Differanse mellom budsjettert årleg premieavvik og avsett til premieavviksfond er på 32 mill. kr i 2014.

Det er lagt opp til ei opptrapping av premieavviksfond i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen har berre funne rom for ein auke på 2 mill. i 2015, 2016 og 2018. Det manglar framleis 26 mill. kr i 2018 for å nå målet om å sette av heile det årlege premieavviket til premieavviksfond.

Kva er premieavvik?

Premieavviket har sitt opphav i at det i 2002 ble innført eit regelverk som gjer at det blir betalt meir i pensjonspremie enn det som blir belasta i rekneskapen som årleg pensjonsutgift. Dette har ført til at det gjennom mange år er betalt inn meir i premie til pensjonsleverandørane enn det som er utgiftsført og belasta rekneskapen. Delar av pensjonskostnaden (premieavviket) blir med andre ord skuva fram i tid, og kjem først til utgiftsføring i seinare år.

Eigenfinansiering av investeringane

Målet om avsetnad til rentebufferfond er erstatta med krav til eigenfinansiering av investeringane. Auka eigenfinansiering av investeringane vil bidra til å bremse veksten i lånegjelda og finansutgiftene. Dette vil igjen føre til at ein større del av inntektene kan nyttast til drift, i staden for renter og avdrag.

Fjerning av rentebuffer i budsjettet fører i 2015 til reduserte renteutgifter på 17,9 mill. kr samanlikna med berekna nivå for 2015 i MoB 2014-2017. Samtidig er overføring frå drift til investering auka med 6 mill. kr.

I LTP 2015-2018 blei det vedtatt som ei økonomisk målsetting at sum investeringar i perioden 2015-18 skal finansierast med 44 % eigenkapital. I investeringsprogrammet ble det lagt til grunn ei meir langsiktig målsetting på 50 % eigenfinansiering av sum investeringar i neste tiårsperiode.

Fylkesrådmannen har ikkje funne rom til å auke eigenfinansieringen med same beløp som reduksjonen i renteutgiftene. På grunn av kraftige kutt i inntektene til Telemark fylkeskommune har fylkesrådmannen også nedjustert ambisjonen om andel eigenkapitalfinansiering. Dette er også i tråd med vedtak i fylkestingsak 34/14 Langtidsprioriteringar for 2015 – 2018: *Administrasjonen blir beden om fram til neste budsjettbehandling også å vurdere ein reduksjon av eigenfinansieringa frå 50 % til 40 %.*

Eigenfinansiering i perioden 2015-18 er på 38 %, og for 10-årsperioden fram til 2024 er den på 43 %. Reduksjonen i eigenfinansiering skuldast at investeringsramma er auka som følgje av utvida rentekompensasjonsordning og forskyving av investeringsprosjekt frå 2014. I tillegg er det gjort nye berekningar som reduserer anslaget på momskompensasjon knytt til investeringar.

Gjenopprettingsplanar og aktivt bruk av reglement for resultatvurdering

Å tilpasse drifta til nye, strammare rammer vil vere ei stor utfordring i heile økonomiplanperioden. Heile organisasjonen vil få reduserte rammer, og verknadene av kuttane er omtalte under dei einskilte rammeområda. Dette krev:

- Gjenopprettingsplanar ved prognose på rammeområde som viser budsjettavvik over 1 prosent. Gjenopprettingsplanar inngår i tertialrapportering.
- Revidere reglement for resultatvurdering ved å knytte reglementet tettare opp til realiserte gevinstar
- Raskare innsparing enn planlagt blir premiera gjennom bruk av reglement for resultatvurdering. Dette inneber at kvart rammeområde kan få behalde innsparing som blir realisert tidlegare enn planlagt og bruke dette til eingongstiltak.

5. Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Hovudutfordringa i økonomiplanperioden er å oppretthalde akseptable driftsbudsjett for rammeområda, samtidig som det skal gjennomførast ei ambisiøs skuleutbygging og investeringar i fylkesvegar, og inntektsrammene blir vesentlig redusert.

5.1. Rammer gitt i forslag til statsbudsjett 2015

Nye anslag for kommunesektorens inntekter og utgifter i 2015

Fylkeskommunens frie inntekter er skatteinntekter og rammetilskott. Desse inntektene kan disponerast fritt innanfor gjeldande lover og reglar. Statsbudsjettet legg opp til ein realvekst på 0,5 mrd. kr for fylkeskommunane. Veksten er rekna frå anslått inntektsnivå i 2014 i Revidert nasjonalbudsjett 2014.

Skattøyrane for 2015 blir fastsette ut frå eit mål om at skatteinntektene for kommunesektoren skal utgjere 40 % av dei samla inntektene. Dei fylkeskommunale skattøyrane må reduserast med 0,05 % til 2,60 % for å nå dette målet.

Kva er realveksten meint å dekkje?

Nedanfor er omtala nokre av hovudpunkta som realveksten er meint å dekkje. Andre aukar er omtalt under dei einskilte rammeområda, slik som auke til fagskular og regionale utviklingsmidlar.

- Befolkningsutviklinga

Veksten i frie inntekter må ein sjå i samanheng med auka utgifter for kommunesektoren knytte til befolkningsutviklinga. SSB publiserte nye befolkningsframskrivingar i juni 2014. Berekningar frå departementet tyder på at kommunesektoren vil få meirutgifter på om lag 2,5 mrd. kr som følge av den demografiske utviklinga. Av dette er det vurdert at 2,1 mrd. kr vil belaste dei frie inntektene.

- Pensjon

Også auke i pensjonskostnader, som er berekna til 0,5 mrd. kr, må dekkast av dei frie inntektene. Til saman utgjør altså auka demografi- og pensjonskostnader 2,6 mrd. kr for kommunesektoren. Auke i pensjonsutgiftene blir anslått til 13,8 mill. kr for Telemark fylkeskommune.

- Fylkesveggar

Av veksten i frie inntekter på 500 mill. kr til fylkeskommunane er 200 mill. kr knytt til behovet for fornying og opprusting av fylkesvegane. Dette er ein auke på 50 mill. kr i forhold til det som blei varsla i Kommuneproposisjonen 2015. Dette kjem i tillegg til 780 mill. kroner til formålet i budsjettet for 2014, og gir ei total løyving på ca. 1 mrd. 2015-kroner. For Telemark fylkeskommune utgjer auken 10,9 mill. kr. Korleis dette er innarbeidd i økonomiplanen er omtala under kapittel Areal og Transport.

- Tapskompensasjon for omlegging av inntektssystemet

Som varsla i kommuneproposisjonen 2015 blir inntektssystemet for fylkeskommunane endra frå og med 2015. Av veksten i frie inntekter på 500 mill. kr er 125 mill. kr fordelt til dei fylkeskommunane som tapar mest på omlegging av inntektssystemet. Telemark fylkeskommune tapar betrakteleg meir på omlegginga enn det som blei varsla i kommuneproposisjonen, og blir kompensert i 2015 med 6,8 mill. kr for dette tapet. Omlegging av inntektssystemet og konsekvensane for Telemark fylkeskommune er nærare omtala nedanfor.

Andre forhold i statsbudsjettet

I 2015 blir fylkeskommunane kompenserte med 272 mill. kr til tiltak for å innfri krava i tunnelsikkerheitsforskrifta. Midlane inngår i rammetilskottet til fylkeskommunane. For Telemark fylkeskommune utgjer dette 1,9 mill. kr i auke i rammetilskott for 2015.

Investeringsramma i rentekompensasjonsordninga for transporttiltak blir auka frå 2 mrd. kr til 3 mrd. kr. Investeringsramma for Telemark fylkeskommune blir auka med 30 mill. kr til 113 mill. kr. Telemark fylkeskommune nyttar rentekompensasjonsordninga fullt ut i alle åra i økonomiplanperioden.

5.2. Frie inntekter i budsjett 2015

Dei frie inntektene til fylkeskommunen kjem som eit rammetilskott i statsbudsjettet, og er berekna ved hjelp av eit eige inntektssystem. Som varsla i kommuneproposisjonen er dette systemet revidert i samband med statsbudsjettet for 2015, ein revisjon som gjev store, negative utslag for Telemark fylkeskommune. I tabellen nedanfor er det vist korleis frie inntekter er berekna for 2015 samanlikna med 2014.

<i>Tal i heile tusen</i>	Budsjett 2015	Budsjett opp. 2014	Endring
Innbyggjartilskot utan utjamning	934 690	651 163	283 527
Saker med særskilt fordeling	78 393	304 797	-226 404
Utgiftsutjamning	-37 281	34 718	-71 999
Overgangsordning	48 199	-1 569	49 768
Innbyggjartilskot	1 024 001	989 110	34 891
Skjønstilskot	13 500	14 300	-800
Sum rammetilskot	1 037 501	1 003 410	34 091
Skatt og inntektsutjamning	959 825	933 565	26 260
Frie inntekter	1 997 326	1 936 975	60 351

Rammetilskottet består av fleire deler, kor hovuddelane er innbyggjartilskott inkludert utgiftsutjamning og saker med særskilt fordeling. I tillegg kjem skjønstilskott og skatteinntekter med inntektsutjamning. I tilhøve til opphavg budsjett for 2014 får Telemark fylkeskommune ein inntektsauke på 60,4 mill. kr for 2015.

Innbyggjartilskott og saker med særskilt fordeling

I nytt inntektssystem er store delar av saker med særskilt fordeling innlemma i innbyggjartilskottet. Desse postane må difor sjåast i samanheng når ein samanliknar med tidlegare år. For Telemark fylkeskommune aukar dei to postane samla med 57,1 mill. kr, der auke i saker med særskilt fordeling utgjer 23,4 mill. kr. Saker med særskilt fordeling i 2015:

- Opprusting og fornying av fylkesvegnettet 54,7 mill. kr (42,5 mill. kr i 2014)
- Kompensasjon ved forskrift om tunnelsikkerheit 1,9 mill. kr
- Fagskular 15 mill. kr (12,5 mill. kr i 2014)²
- Kompensasjon for endringar i inntektssystemet 6,8 mill. kr

Utgiftsutjamning

Hovudendringa i inntektssystemet er ei oppdatering av kostnadsnøklane basert på nye analysar og datamateriale. Dette gjev endring i utgiftsutjamninga, og for Telemark fylkeskommune er konsekvensen av denne endringa betydeleg. Som følge av at fylkeskommunen tidlegare hadde eit berekna utgiftsbehov under landsgjennomsnittet gav utgiftsutjamninga for 2014 eit tilskott på 34,7 mill. kr. Med nye kostnadsnøklar og oppdaterte folketal får Telemark fylkeskommune eit trekk i 2015 på 37,3 mill. kr, ei endring på heile 72 mill. kr.

² Det var feil i fordeling mellom fylkeskommunene i statsbudsjettet. Tilskott til fagskular er redusert med 2,1 mill. kr i forhold til fylkesrådmannens forslag til budsjett som var basert på opphavg statsbudsjett.

Overgangsordning

I kommuneproposisjonen vart det varsla at Telemark fylkeskommune ville tape om lag 10 mill. kr på omlegginga av inntektssystemet. I regjeringas forslag til statsbudsjett er samla effekt for fylkeskommunen berekna til om lag 60 mill. kr. For 2015 er effekten av omlegginga avgrensa som følgje av overgangsordningar. Reduksjonen vert innført over 5 år, slik at verknaden for 2015 vert på 12 mill. kr. Fylkeskommunen kompenserast med 48 mill. kr. i 2015.

I tillegg vert det gjeve ein ekstra kompensasjon for fylkeskommunar som tapar meir enn 200 kr pr. innbyggjar på omlegginga. For Telemark fylkeskommune er denne kompensasjonen på 6,8 mill. kr. Tilleggskompensasjonen er inkludert i innbyggjartilskottet.

Skatt og inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er forenkla og følgjer dei same prinsippa som inntektsutjamninga til kommunane. Det inneber at fylkeskommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet blir kompenserte med 87,5 % av differansen mellom eigen skatteinntekt og landsgjennomsnittet. Telemark er eit skattesvakt fylke og tener på omlegginga, rundt rekna ein auke på 1,4 mill. kr. I revidert budsjett for Telemark fylkeskommune for 2014 utgjorde inntektsutjamninga 94,2 mill. kr.

Som følgje av inntektsutjamninga får utviklinga i skatteinntektene på landsbasis stor tyding for fylkeskommunens inntekter. Skatteinntektene for 2014 blei justert ned både i revidert nasjonalbudsjett og i statsbudsjettet for 2015. Nedjusteringane må ein sjå i samanheng med ein svakare vekst i norsk økonomi. For Telemark fylkeskommune er skatteinntektene for 2014 justert ned med 23 mill. kr som følgje av dette. For 2014 er svikten dekkja av rentebuffer.

Det er i 2015 gjort ei avsetning på 15 mill. kr for å møte ev. svikt i skatteinntektene. Dette er naudsynt for å unngå å kutte i driftsrammene. I 2015 er det ikkje budsjettert med rentebuffer, dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen ser det som naudsynt å opprette ein skattebuffer. Skattebufferen kjem ikkje fram i tabellen ovanfor, men er avsett til disposisjonsfond.

5.3. Disponering av auka inntekter

Auken i frie inntekter skal dekkje lønns- og prisvekst, inkl. pensjon. Vekst ut over dette utgjør realveksten for fylkeskommunen. Statsbudsjettet anslår at realveksten for Telemark fylkeskommune utgjør 0,6 %. Nedanfor er vist fylkesrådmannens berekning av realvekst i forhold til budsjetterte frie inntekter i 2014.

Løns- og prisvekst

Det er lagt inn forventet lønsauke på 3,3 % i samsvar med grunnlaget i statsbudsjettet. Dette utgjør 33 mill. kr. Det er rekna 7 månaders effekt i 2015 og 4 månaders effekt i 2016.

Lønsauken i 2014 belastar 2015-budsjettet med 13,9 mill. kr, mens lønsauken i 2015 belastar budsjettet med 21,1 mill. kr. Totalt 35 mill. kr.

Deflatoren som er lagt til grunn i statsbudsjettet er på 3 %, og består av lønsvekst på 3,3 % og forventa prisvekst på 2,4 %. Prisvekst og deflatorjusterte tilskot er berekna til 22,1 mill. kr.

Arbeidsgivarpremien til Statens pensjonskasse er for 2015 på 13,6 %. I 2014 var satsen 14,15 %. Skolane har fått redusert ramme med 2,3 mill. kr som følgje av redusert sats. KLP-satsen er meir samansett, og TFK har full eigendekning av AFP og tidlegpensjon som påverkar den samla kostnaden per år. Det er derfor budsjettert med fast presentsats på budsjettområda. SPK har varsla ein anslått pensjonspremie som er høgare enn budsjettert pensjonsutgift på skulane. Samla justeringsreserve for KLP og SPK er auka med 3,5 mill. kr samla på ansvar 8, pensjon og lønsavsetning. Begge pensjonskassene har signalisert auke i pensjonskostnaden. Pensjonsområdet er styrka med ytterlegare 13,8 mill. kr for å dekke auka kostnader.

Avsetting til premieavvikfond er trappa opp med 6 mill. kr innan 2018. Avsetting er vedtatt i sak om Langtidsprioriteringar (LTP), FT-sak 34/13.

Totalt utgjer løns- og prisvekst, inkl. pensjon ein auke på 70,9 mill. kr. Auken i frie inntekter utgjer 60,4 mill. kr. Dette tilseier at Telemark fylkeskommune ikkje har nokon realauke i inntektene i 2015, i forhold til budsjetterte frie inntekter i 2014.

Tal i tusen

Auke i frie inntekter	60 351
Lønsvekst 2014, effekt 2015	-13 930
Lønsvekst 2015, effekt 7 mnd.	-21 099
Pris og deflatorjustering	-22 076
Auka pensjonskostnadar	-13 800
<u>Realnedgang</u>	<u>-10 554</u>

5.4. Innsparingar

I behandlinga av LTP (FT-sak 34/14) vedtok fylkestinget ein plan for reduksjon av driftsrammene på 60 mill. kr innan 2018, og grep for å skape politisk handlingsrom. Dei ulike rammeområda har gjort innsparingstiltak fordelt ut etter driftsnivå i samanliknbare fylkeskommunar. I kommuneproposisjonen ble det varsla 10 mill. kr i tapte inntekter for Telemark fylkeskommune som følgje av omlegging av inntektssystemet for fylkeskommunane. Regjeringas forslag til statsbudsjettet for 2015 viste at Telemark fylkeskommune tapar heile 60 mill. kr. Tapet får først full verknad i 2019. Dette har medført at innsparingstiltaka likevel ikkje gir det handlingsrommet ein i utgangspunktet hadde planlagt.

Ved fordeling av reduksjon i rammene er det lagt vekt på politiske signal om å satse på fylkeskommunens kjerneoppgåver (FU-sak 39/14). Dette medfører at rammeområde 1,

administrasjon og fellesutgifter, må ta ein større del av kutta enn deira prosentvise del skulle tilseie.

Kutta på regional utvikling er reduserte med 1,5 mill. kr i 2016 og 2017, og 2 mill. kr i 2018, sett mot LTP 2015-2018. Samtidig er kutta auka tilsvarande på administrasjon og fellesutgifter. Kutta på administrasjon og fellesutgifter er ytterlegare auka frå LTP 2015-2018. Totalt er kutt i administrasjon og fellesutgifter auka med 0,5 mill. kr i 2015, 3 mill. kr i 2016 og 2017 og 4 mill. kr i 2018. Fylkesrådmannen ynskjer ikkje å kutte i ramma til politisk styring og leing, og har derfor reversert reduksjonen som blei varsla i LTP 2015-2018.

Areal og transport har følgd same prosess på innsparingskrav som dei andre avdelingane. Når ein i oppfølginga av statsbudsjettet såg at det var rom for det, blei kutta til dekkjelegging reverserte i 2015 til 2017. Dette er nærare omtala under Areal og Transport.

Det er likevel funne rom for ei rekkje nye utgifter i økonomiplanen. Desse utgiftene er finansierte ved å foreta omprioriteringar innanfor gjeldande ramme. I forslag til budsjett var netto innsparingar for 23,5 mill. kr i 2015. Innsparingane var auka i økonomiplanperioden, og i 2018 var totalramma til drift redusert med 57 mill. kr sett mot MoB 2014-2017.

Tal i heile tusen

Rammeområde	2015	2016	2017	2018
Administrasjon og fellesutgifter	1 500	4 000	4 000	7 000
Vidaregåande opplæring	19 000	26 000	29 000	32 000
Tannhelsetenesta	1 000	2 000	3 000	4 000
Regional utvikling	1 000	3 500	3 500	6 000
Areal og transport	1 000	8 000	8 000	8 000
Sum netto innsparingar	23 500	43 500	47 500	57 000

Figur 2 Netto innsparingar i forslag til budsjett

Fylkestingets vedtak sak 99/14

Fylkestinget vedtok auka økonomiske rammer til områdene. Auke til drifta er finansiert ved bruk av fond og bruk av fri avsetnad. Driftsbudsjett er auka med 17,1 mill. kr i 2015 og 10,1 mill. kr i åra 2016-18.

Tal i heile tusen

Rammeområde	2015	2016	2017	2018
Administrasjon og fellesutgifter	-2 500	-2 000	-2 000	-2 000
Vidaregåande opplæring	-4 450	-1 187	-1 187	-1 187
Tannhelsetenesta	0	0	0	0
Regional utvikling	-9 210	-6 400	-6 400	-6 400
Areal og transport	-1 000	-500	-500	-500
Sum netto innsparingar	-17 160	-10 087	-10 087	-10 087

Figur 3 Vedtatt endring i netto innsparing.

I vedtatt budsjett er samla netto innsparingar på 6,3 mill. kr i 2015. Innsparingane blir auka i økonomiplanperiode, og i 2018 er totalramma til drift redusert med 46,9 mill. kr sett mot MoB 2014-2017.

Tal i heile tusen

Rammeområde	2015	2016	2017	2018
Administrasjon og fellesutgifter	-1 000	2 000	2 000	5 000
Vidaregåande opplæring	14 550	24 813	27 813	30 813
Tannhelsetenesta	1 000	2 000	3 000	4 000
Regional utvikling	-8 210	-2 900	-2 900	-400
Areal og transport	0	7 500	7 500	7 500
Sum netto innsparingar	6 340	33 413	37 413	46 913

Positive tal er innsparing, negative tal er netto auke i økonomisk ramme.

Figur 4 Netto innsparing etter fylkestingets vedtak.

Auka utgifter og innsparingar er omtala under kvart rammeområde. Samla oversikt følgjer som vedlegg 9.

5.5. Økonomiplan 2015-2018

Rammene er lagde med bakgrunn i vedtak i LTP 2015-2018. Ifølgje økonomiplanen vil det vere 45,8 mill. kr mindre til fordeling drift (driftskaken) i 2018 enn i 2015. Dette skuldast i hovudsak at rammetilskottet er berekna til å vere 40,4 mill. kr lågare i 2018 enn i 2015. Vidare er netto finansutgifter berekna å vere 29,5 mill. kr høgare i 2018 enn i 2015. I 2015 er det avsett 15 mill. kr til disposisjonsfond. I 2015 er det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på 7,2 mill. kr og 5,1 mill. kr i åra 2016-18.

Finansiering drift

	Tal i heile tusen				
	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	849 025	853 657	856 700	859 644	862 588
Ordinært rammetilskudd	1 087 950	1 143 669	1 113 126	1 105 082	1 103 238
Andre generelle statstilskudd *)	8 954	9 617	14 207	18 679	19 955
Sum frie disponible inntekter	1 945 929	2 006 943	1 984 033	1 983 405	1 985 781
Renteinntekter og utbytte	11 000	11 000	11 000	12 000	12 000
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	71 063	54 942	56 575	65 489	72 527
Avdrag på lån	69 252	72 729	74 697	80 039	85 719
Netto finansinnt./utg.	-129 315	-116 671	-120 272	-133 528	-146 246
Bruk av av disposisjonsfond		-7 160	-5 087	-5 087	-5 087
Til ubundne avsetninger	0	15 000			
Netto avsetninger	0	7 840	-5 087	-5 087	-5 087
Overført til investeringsbudsjettet	43 000	53 000	60 000	52 500	61 000
Til fordeling drift	1 773 615	1 829 432	1 808 848	1 802 464	1 783 622

*) Rentekompensasjon for veg og skole inngår i andre generelle statstilskudd.


Til fordeling drift

	Tal i heile tusen				
	Budsjett oppr 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1 Styring, adm. og fellestener	156 495	160 435	156 585	157 085	153 585
2 Vidaregående opplæring	908 918	927 020	910 915	905 806	901 964
3 Tannhelsetenesta	63 719	64 873	63 873	62 873	61 873
4 Regional utvikling	74 294	76 387	70 202	69 427	66 927
5 Areal og transport	481 080	497 201	489 701	489 701	479 701
8 Pensjon og lønnsavsetning	89 108	103 517	117 574	117 574	119 574
Sum forbruk drift	1 773 615	1 829 432	1 808 848	1 802 464	1 783 622

Tabellen ovanfor viser korleis «driftskaka» er fordelt på rammeområda. Tabellen viser at alle områda får reduserte rammar i økonomiplanperioden. Innsparingane er omtala i eige avsnitt og spesifisert i vedlegg 9. Pensjon og lønnsavsetning aukar med 14,4 mill. kr. Av dette utgjer 13,8 mill. kr i auka pensjonsutgifter, 2 mill. kr i auka avsetning til premieavvik og 1,5 mill. kr i redusert lønnsavsetning.

Utvikling i frie inntekter

Nedanfor er vist prognose for utvikling i berekna rammetilskott i perioden 2015-2018. Hovedårsaka til den negative utviklinga er omlegging av inntektssystemet for fylkeskommunane.



Figur 5 Utvikling i rammetilskott budsjett 2015-2018. Tal i tusen.

Usikkerhet i inntektene

Det er fleire usikre moment knytte til dei frie inntektene. Det gjeld først og fremst befolkningsutvikling og anslag på realvekst til fylkeskommunane.

Befolkningsutvikling i prognosen for rammetilskott er basert på SSB framskriving middelalternativ, både for landet og Telemark. Ved å bruke befolkningsframskriving blir rammetilskotet lågare i åra framover. Dette er først og fremst knytt til at fylkeskommunen får færre 16-18 åringar. Dersom fylkeskommunen hadde lagt til grunn folketal pr. 1.7.14 også ved berekning av rammetilskott for 2018 ville inntekta vore 15,5 mill. kr høgare i dette året.

Det er lagt inn ei svak realauke på landsbasis i økonomiplanperioden, på 0,5 % i 2016 og 0,7 % i 2017 og 2018. Utan realvekst ville frie inntekter vore 22,7 mill. kr. lågare i 2018.

5.6. Samla finanskostnader i perioden 2015 – 2018

Med bakgrunn i vedtak i FT 34/14 er rentenivået i komande 4-års periode justert ned til 2,9 % i 2015 og 3 % 2018. Dette inneber at tidlegare mål om å halde budsjettert rente på 5 %, og sette av mindretgiftene til rentebufferfond, no er erstatta av målsetting om høgare andel

eigenfinansiering av investeringar. Forvaltning av gjeldsporteføljen og å sikre økonomiske reserver er viktig i åra framover.

Rentenivå er basert på prognose frå fylkeskommunens gjeldsforvaltar, med eit påslag på 0,3 %. Påslaget tar høgde for at fylkeskommunen kan kome til å inngå fastrentelån i økonomiplanperioden. Det følgjer av fylkeskommunens finansreglement at minimum 1/3 av gjeldsporteføljen skal ha fastrente.

Rentenivået framover er usikkert, og ulike prognoser gir svært store utslag i kroner og øre. Dersom budsjett for 2015 var basert på høgt scenario frå låneforvaltar ville renteutgiftene vore 13,2 mill. kr høgare. I 2018 ville renteutgiftene vore 53,2 mill. kr høgare basert på høgt scenario.³

Nedanfor kjem tabellar som syner fylkeskommunens rente- og avdragsutgifter i økonomiplanperioden 2015 – 2018. Tabellen viser korleis fylkeskommunens lånegjeld vil utvikle seg i perioden.

Investeringsprogrammet er ambisiøst og auken i renter og avdrag betydeleg.

	<i>Tal i heile tusen</i>				
	Budsjett oppr 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Renter					
Renter på lån	71 063	54 942	56 575	65 489	72 527
Rentekompensasjon veg *)	-8 954	-9 617	-11 282	-12 779	-14 105
Rentekompensasjon skole	-	-	-2 925	-5 900	-5 850
Renteinntekter	-11 000	-11 000	-11 000	-12 000	-12 000
Sum renter	51 109	34 326	31 367	34 811	40 572
Avdrag					
Avdrag etter gj.sn. levetid anleggsmidla	69 252	72 729	74 697	80 039	85 719
Gjeldsutvikling					
Lånegjeld 31.12.kvart år **)	1 840 132	1 948 980	2 241 735	2 436 066	2 399 079

*) Auka årleg ramme på 113 mill kr ligg til grunn for beregning av rentekompensasjon veg.

**) Lånegjeld 31.12.2014 er justert etter forskyvningar vedtatt i 2014

I den vedtatte Investeringsstrategien 2015-24 blei investeringsramma auka til 1,9 mrd. kr for 10-årsperioden. Auken i finansutgifter er lågare enn anslått i investeringsstrategien sidan fylkeskommunen nå ikkje budsjetterer med rentebuffer.

Investeringsramme veg er regulert opp til ramme for rentekompensasjon. Ramme for Telemark blei auka til 113 mill. kr årleg. I investeringsprogrammet er det lagt opp til at rentekompensasjonsordninga blir brukt fullt ut.

³ Differanse mellom 3 % og 5,2 %.

Rentekompensasjonsordninga for skulebygg er planlagt brukt for byggeprosjekt i Skien. Telemark si ramme på 130 mill. kr totalt er lagd til grunn for finansiering av investeringsprogrammet.

6. Investeringsprogram

Investeringsprogram for 2015 er ei vidareføring av vedtatt investeringsstrategi. Det har vore ei bevisst prioritering å investere innanfor skuleanlegg og veg. Investeringar i neste 4-årsperiode er 1,5 mrd. kr. For 2015 er 171,6 mill. kr sett av til fylkesvegar og 114,3 mill. kr til bygg. Dette utgjer over 90 % av investeringsprogram for 2015.

6.1. Investeringsstrategi

I sak om Langtidsprioriteringar (FT -sak 34/14) blei investeringsstrategi for 2015-2024 vedtatt. Investeringsprogrammet er ein kombinasjon av konkrete tiltak og rullerande rammer. Prioriteringar av investeringar er grunngitte ut frå mellom anna politiske vedtak, retningsgivande planar, regelverk og økonomiske omsyn.

Det er gjort nokre endringar:

- Forskyvingar i 4-årsperioden for fylkesvegar er gjort i tråd med vedtatt areal og transportplan i Telemark (ATP). Ramma for perioden var på 423 mill. kr. Ramma for fylkesvegar er auka som følgje av utvida rentekompensasjonsordning. Ramma er auka i 2016 med 15 mill. kr og 4 mill. kr i 2017.
- Årsbudsjett 2015 for vegar er auka med 57,2 mill. kr på grunn av forskyving frå 2014.
- Årsbudsjett 2015 for bygg er auka med 39,2 mill. kr på grunn av forskyving frå 2014.

6.2. Finansiering av investeringar

Investeringsprogram for perioden 2015-18 har ei eigenfinansiering på 38 %. Eigenfinansiering er samansett av overføring frå drift og meirverdikompensasjon. I tillegg kjem forventa inntekt ved sal av bygg inngår mot slutten av perioden. I 2014 og 2015 har fylkeskommunen forskottert for bygging av E134. Refusjon frå Statens vegvesen er venta i 2017.

<i>Tal i heile tusen</i>				
Finansiering av investeringar	2015	2016	2017	2018
Overføring frå drift	53 000	60 000	52 500	61 000
Mva kompensasjon investering	46 142	57 040	57 842	24 540
Sal av bygg	-	-	60 000	68 000
Bruk av fond Eigenkapitalinnskott KLP	2 100	2 100	2 100	2 100
Bruk av fond til utlån E134	15 000			
Refusjon frå SVV forskuttering E134			45 000	
Bruk av ubrukte lånemidler	13 940			
Nye låneopptak	180 988	367 360	274 358	48 560
Sum finansiering	311 170	486 500	491 800	204 200
Andel eigenfinansiering	37 %	24 %	35 %	76 %
Andel eigenfinansiering i 4-årsperioden				38 %

I vedtatt sak om Langtidsprioriteringar 2015-18 blir krav til eigenfinansiering sett til 50 % for neste 10-årsperiode. For komande 4-årsperiode var det lagt opp til eigenfinansiering på 44 %. Kravet til eigenfinansiering er sett for å dempe verknaden av auka finansutgifter. Årsaka til at eigenfinansieringa nå er redusert, ligg i at investeringsprogrammet er auka med forskyving frå 2014 til 2015, justert sats for mva-kompensasjon og auka ramme for vegar i 2016 og 2017. Lånebehovet er dermed også auka.

6.3. Prioriterte investeringstiltak

<i>Tal i heile tusen</i>				
Investeringsstiltak	2015	2016	2017	2018
Utstyr skule	3 000	3 000	3 000	3 000
Utstyr tannhelse	2 000	2 000	2 000	2 000
Utstyr IT	3 200	4 000	4 000	4 000
Fylkesvegar	171 640	113 500	113 500	114 500
Bygg	114 230	361 900	367 200	78 600
Sum investering anleggsmidlar	294 070	484 400	489 700	202 100
Utlån E134 Grunge kyrkje	15 000			
Eigenkapitalinnskott KLP	2 100	2 100	2 100	2 100
Sum investeringsprogram	311 170	486 500	491 800	204 200

Investeringsstiltak omtalas nedanfor. Investeringsprogram for vegar og bygg er vist i tabellar med fordeling på område eller prosjekt.

Utstyr skulane

Det er lagt inn 3 mill. kr til undervisningsutstyr og utskifting av større utstyr på skulane. Investeringsbehov knytt til å sikre helse, miljø og sikkerhet i undervisninga har høgast prioritet. Dernest er det prioritert investeringar for forsvarleg undervisning ut frå krav i opplæringslov og av omsyn til fagleg innhald. Forslag til prioriterte tiltak i 2015 blir lagt fram i eigen sak for hovudutval for kompetanse.

Utstyr tannhelse

Tannklinikkane har behov for utskifting av utstyr ut frå forventa levetid og teknisk stand. Det er lagt inn 2 mill. kr årleg til investeringar. Konkretisering av utstyrsinvesteringar vil bli gitt i økonomirapport i 2015.

Utstyr IT

Det er sett av ei årleg ramme på 4 mill. kr til opprusting av serverpark, infrastruktur og kjøp av nye fagapplikasjonar. Auke av ramme i 2014 på 0,8 mill. kr er redusert i årsbudsjett for 2015. Innanfor budsjett på 3,2 mill. kr i 2015 vil ferdigstilling av nytt sak/arkivsystem bli prioritert.

Fylkesveger

Konkretisering av investeringstiltaka knytte til dei ulike programområda er vist i tabellen under. Årleg fordeling er noko justert i forhold til vedtatt investeringsstrategi, men er i tråd med vedtatt total investeringsramme. Investeringsprogrammet er justert opp i 2016 og 2017, slik at rentekompensasjonen blir nytta fullt ut kvart år i tråd med statsbudsjettets ramme for rentekompensasjonsordninga. For Telemark er ramma auka frå 83 mill. kr til 113 mill. kr. Foreslått bruk av auken på til saman 19 mill. kr vil bli lagd fram i mål- og budsjett for 2016.

	<i>Tal i heile tusen</i>			
Investeringstiltak	2015	2016	2017	2018
Auka ramme fylkesvegar *)		15 000	4 000	
Bypakke Grenland	50 000	50 000	50 000	50 000
Større prosjekt, vegutbetring og etterslep	66 140	5 500	18 500	18 500
Gang- og sykkelvegar	33 500	15 000	15 000	22 000
Trafikksikkerheitstiltak	13 000	17 000	15 000	15 000
Miljø- og servicetiltak	500	500	1 000	1 000
Kollektivtiltak og universell utforming	2 500	4 500	4 000	2 000
Grunnerverv og planlegging	6 000	6 000	6 000	6 000
Sum investering fylkesvegar	171 640	113 500	113 500	114 500

*) Auka ramme fylkesvegar som følgje av auka ramme for rentekompensasjon.

Opphavleg årsramme for fylkesvegar var 100,5 mill. kr. I tillegg er det lagt inn tidsforskyvingar frå 2014 til 2015 på 57,2 mill. kr og omdisponering av rammer på 13,9 mill. kr. Opphavleg ramme for 4-årsperioden 2015-18 på 423 mill. kr er vidareført frå investeringsstrategien med tillegg på 19 mill. kr fordelt på 2016 og 2017. Auka ramme på 15 og 4 mill. kr i 2016-17 er vedtatt som følgje av auka ramme for rentekompensasjonsordninga for veg. For å nytte ordninga fullt ut må årleg investering aukast til 113 mill. kr.

Investeringsrammene til fylkesvegnettet er vedtatt i FT-sak 34/14 Langtidsprioriteringer (LTP) 2015-2018. I saka blei hovudferdselsårer, skulevegar, kollektivknutepunkt, effektivisering av transportsystemet og styrking av byer og tettstader prioritert.

I FT-sak 37/14, Regional plan for areal og transport i Telemark (ATP), blir desse fem overordna strategiane presisert og omtalt. I den vedtatte planen er det peika på at fremkommelighetstiltak på strategisk viktige vegar, trafikkikkerhetstiltak på skuleveg, kollektivknutepunkt langs med hovudferdselsårar skal prioriteras høgt.

Bypakke Grenland ligg inne i investeringsprogrammet med 50 mill. kr årleg i 10 år. Bypakka omfattar mellom anna Lilleelvgata i Porsgrunn og tiltak for trafikkikkerheit, kollektivtransport, gang- og sykkelvegar.

Som følgje av at Stortingsproposisjonen for Bypakke Grenland ikkje er vedtatt, har det vore naudsynt å forskyve investeringsbudsjettet for 2014 til 2015 knytt til Fv32 Lilleelvgata.

I FT-Sak 37/14, Regional plan for areal og transport (ATP) blei det også vedtatt at Fv 359 Kaste-Stoadalen skal takast inn i investeringsprogrammet under føresetnad av lokale bidrag mellom anna frå brukarfinansiering av strekninga. Vedtaket baserer seg på at 90 mill. kr går inn i investeringsprogrammet i 2017, finansiert ved låneopptak. Svv utarbeider nå ein moglegheitsstudie av valt løysing. Avhengig av resultatet knytt til denne studien, som etter planen skal handsamast lokalt og nasjonalt, vil investeringsprogrammet først bli justert i 2017. Det er derfor ikkje tatt omsyn til Fv 359 Kaste-Stoadalen i investeringsprogrammet 2015-2018.

Bygg

	<i>Tal i heile tusen</i>			
Investeringstiltak bygg	2015	2016	2017	2018
Ombygging/ nybygg				
Skien vgs, Klosterøya	42 183	177 400	308 900	53 600
Hjalmar vgs	11 517	50 200	17 100	
Skogmo vgs	40 850	76 000	17 000	
Oppgradering brann og tekn.anlegg	11 600	8 000	8 000	8 000
Universell utforming	2 580	2 000	2 000	2 000
Porsgrunn vgs, oppgradering	2 000	28 000		
Bø vgs arealreducerande tiltak		6 000		
Bamble vgs			2 000	15 000
Energiltak	3 500	14 300	12 200	
Totalt Bygg	114 230	361 900	367 200	78 600

Tabellen over viser årsbudsjett i planperioden 2015-17 fordelt på prosjekt. Prosjekt med forseinka framdrift har forskyvingar av investeringsbudsjett frå 2014 til 2015 på til saman 39,2 mill. kr. Forskyving av ramme for bygg frå 2014 til 2015 på 39,2 mill. kr er for stor del

knytt til utbyggingsprosjekt på Skogmo vgs, Hjalmar vgs og nybygg av Skien vgs på Klosterøya.

Neste tabell viser total prosjektramme for heile prosjektets levetid. Prosjektrammene er vedtatt LTP 2015-18 med tilhøyrande investeringsstrategi for perioden 2015-24.

Tal i heile tusen kr

Prosjekt	Prosjektperiode	Prosjektramme
Ny Skien vgs Klosterøya	2013-18	617 900
Ombygging Hjalmar Joh. VGS	2014-17	79 817
Omygging Skogmo VGS	2014-17	143 850
Branntiltak	Rullerande *)	8 000
Universell utforming bygg	Rullerande *)	2 000
Energiltak	2015-17	30 000
Porsgrunn vgs, oppgradering	2015-16	30 000
Bø vgs, arealreducerande tiltak	2016	6 000
Bamle vgs, samlokalisering	2017-19	50 000

*) Rullerande prosjekt får ny tildeling kvart år. I oversikten er prosjektramme lik ny årsramme.

Arbeidet med nye Skien vidaregåande skule er i startfasa. Prekvalifiseringsgrunnlag for Nye Skien vidaregåande skule er lyst ut, og dialogmøte med aktuelle tilbydarar skal gjennomførast i 2014. Prosjektet har ei totalramme på 617,9 mill. kr. Definerings og utforming av prosjektet skjer i 2015. Detaljprosjektering og bygging i 2015-2018.

Byggeprosjekt ved Skogmo og Hjalmar J. vidaregåande skuler er også i gang, og skal stå ferdig til skulestart hausten 2017. Etter planen skal val av entreprisemodell og konkurransegrunnlag vere gjort innan utgangen av 2014. Planlegging og prosjektering vil pågå i store delar av 2015. Byggeperioden startar mot slutten av året.

Ombygging av Porsgrunn vgs blei vedtatt i FT- sak 32/13, Skuletilbudsstrukturen 2020. I 2015 blir det gjennomført eit forprosjekt for arbeid med oppgradering og funksjonstilpassing ved Porsgrunn vgs. Prosjektramma er på 30 mill. kr. Gjennomføring av ombygging vil etter planen skje i 2016.

Omfattande arbeid med oppgradering brann og tekniske anlegg er gjort og held fram for fleire bygg. I 2015 er det prioritert oppgradering av brannanlegg ved Porsgrunn vgs og Nome vgs avdeling Søve. Inneklimatiltak for Notodden vgs og Bø vgs står på planen i tillegg til oppgradering av teknisk anlegg på Rjukan vgs og Fylkeshuset.

Årleg pott til universell utforming vil i 2015 bli nytta til ombygging av kontor- og kantinebygget ved Fylkeshuset i tillegg til naudsynte tiltak ved skulane.

I investeringsstrategien blei det sett av ei ramme på 30 mill. kr til energiltak fordelt over 3 år. I 2015 startar dette arbeidet og det er anslått behov på 3,5 mill. kr første år. Kartlegging av sju skulebygg og fylkeshuset er planlagt gjennomført i 2015.

Utlån

Fylkeskommunen skal forskottere investeringar på E134 ved Grunge kyrkje med 15 mill. kr i 2015. Avtale om utlån blei signert desember 2013 med samla forskotering på 45 mill. kr. Tilbakebetaling skjer seinast 2017.

Eigenkapitalinnskott i KLP

KLP har oppgitt at det blir kravd eigenkapitalinnskott også for 2015. Summen ligg ikkje føre ennå, men det blir sett av 2,1 mill. kr årleg til dette. Summen skal først i investeringsbudsjettet, men det er ikkje høve til å finansiere eigenkapitalinnskottet ved lån. Kostnadene blir dekte frå investeringsfondet.



Foto: Tom Holen

7. Politisk styring og leiing

Dette rammeområdet omfattar fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, ulike råd, fylkesordførar, politiske organ, tilskott til politiske parti mv.

7.1. Økonomisk ramme

Økonomiske rammer for områda legg til grunn vedtak i LTP for 2015 – 2018. Løns- og prisvekst er om lag 0,8 mill. kr for dette området. Dei vedtatte endringane er nærmare omtala i dette kapittelet.

Rammeområde: Politisk styring og leiing

Tal i heile tusen

Økonomiplan 2014-17	2014	2 015	2 016	2 017
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	29 941	30 441	29 941	30 441
Tekn. og vedtatte endringar, vedlegg 8	381	-619	381	-619
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	30 322	29 822	30 322	29 822

Økonomiplan 2015-18	2 015	2 016	2 017	2 018
Ramme før fylkesrådmannens forslag	30 322	29 822	30 322	29 822
Vedtatt økonomisk ramme	30 322	29 822	30 322	29 822
Fordeling av ramme	2 015	2 016	2 017	2 018
Politisk leiing og utval	18 821	18 321	18 821	18 321
Tilskott politiske parti	6 547	6 547	6 547	6 547
Kontrollutvalet	4 955	4 955	4 955	4 955
Sum vedtatt budsjett 2015-2018	30 322	29 822	30 322	29 822

Budsjettavvik dei to siste åra viser eit mindreforbruk på meir enn 4 mill. kr på området politisk styring og leiing. Det er likevel ikkje vedtatt kutt i ramma til dette området. Med bakgrunn i fylkeskommunen sitt behov for innstrammingar er gjeldande budsjettamme oppretthaldt, samtidig som auka behov blir dekt innanfor dei gjeldande budsjettammene.

I 2015 er det behov for auke i utgifter til val, opplæring for nye folkevalde, nytt digitalt utstyr mv med 1,8 mill. kr. Det er då berekna digitalt utstyr i same prisklasse som inneverande periode. Det er også lagt inn 0,5 mill. kr årleg i tre år til å delfinansiere ny samarbeidsavtale med "ODD - stolte telemarkinger". Dette dekkjer utgiftene til å nytte Skagerak arena og heimekampane som møtearena mellom politisk leiing i fylkeskommunen, kommunane og andre aktørar. Fylkestinget har vedtatt ny samarbeidsavtale med ODD. Også dette er vedtatt dekt innanfor budsjettamma. Totalt inneber dette ei omdisponering innanfor ramma på 2,3 mill. kr i 2015. Basert på dei siste åras mindreforbruk skulle det vere rom for dette innanfor ramma.

Løyvinga til «Fotavtrykk Telemark» på 0,5 mill. kr held fram i perioden, men er flytt over til Team kultur på avdeling for Regional utvikling.

Ramma til kontrollutvalet er redusert med kr 0,64 mill. kr som følgje av endring i fordelingsnøkkel mellom kommunane som er eigarar av Telemark kommunerevisjon IKS. Se vedlegg 8.



Foto: Tom Holen

8. Administrasjon, fellestenester og folkehelse

Dette rammeområdet omfattar fylkesrådmannens leiargruppe og fylkeskommunale fellesfunksjonar, dvs. personal- og organisasjonsavdeling, økonomiavdeling og stabsavdeling med eigedomsforvaltning, IT, arkiv, kommunikasjon, folkehelse, husservice, advokatar, politisk sekretariat og stabsrådgjevarar.

8.1. Økonomisk ramme

Økonomiske rammer for områda legg til grunn vedtak i LTP for 2015 – 2018. Løns- og prisvekst er om lag 3,7 mill. kr for dette området. I vedtatt budsjett 2015 har administrasjonen fått tilført netto midlar på 1 mill. kr. Auka behov på 5,3 mill. kr er dekkja inn med innsparingar på til saman 4,3 mill. kr. Vedtatte netto innsparingar er 2 mill. kr i 2016 og 2017, deretter ytterlegare 3 mill. kr i 2018. Dei vedtatte endringane er nærmare omtala i dette kapitlet.

Rammeområde: Administrasjon, fellestenester og folkehelse

Tal i heile tusen

Økonomiplan 2014-17	2 014	2 015	2 016	2 017	
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	126 554	124 204	122 854	122 854	
Tekn. og vedtatte endringar, vedlegg 8	2 559	4 559	5 909	5 909	
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	129 112	128 762	128 762	128 762	
<hr/>					
Økonomiplan 2015-18		2 015	2 016	2 017	2 018
Ramme før fylkesrådmannens forslag		129 112	128 762	128 762	128 762
Auka behov	} vedlegg 9	5 300	6 400	6 500	5 000
Auka behov dekt innanfor ramma*		-5 300	-6 400	-6 500	-5 000
Innsparing		1 000	-2 000	-2 000	-5 000
Vedtatt økonomisk ramme		130 113	126 763	126 763	123 763
<hr/>					
Fordeling av ramme		2 015	2 016	2 017	2 018
Fylkesrådmann og leiarteam		11 292	12 092	13 092	11 592
Stabsavdeling		74 894	72 124	70 874	69 374
Personal og organisasjon		33 775	32 375	32 615	32 615
Økonomi og innkjøp		10 151	10 171	10 181	10 181
Sum vedtatt budsjett 2015-2018		130 113	126 763	126 763	123 763

* Som følge av Fylkestingets vedtak 99/14 er ramma styrka til dekking av auka behov.

Omdisponeringar

Frå september 2014 er tre stillingar overførte frå skulane til arkivet på Fylkeshuset. Det heng saman med sentraliseringa av postmottak og arkiv, som er omtalt under «digitalisering». Budsjettet for arkivet frå 2015 er styrkt med heilårseffekt av dette tiltaket.

TFK Eiendom er tatt inn i budsjettet på dette området. Eigedom vidarefakturerer alle sine utgifter, og har derfor eit netto budsjett på kr 0. Korleis intern husleige skal reknast ut og fordelast vil bli revidert i 2015.

Auke

Tal i heile tusen

Auka behov	2015	2016	2017	2018
Kompetanseheving	0	1 500	2 000	2 000
Folkehelse, partnerskapsavtaler	500	0	0	0
Auka bemanning	800	800	800	800
Traineer	360	360	800	800
Auka husleige fylkeshuset	300	500	500	500
Auka utgift innkjøp	470	490	500	500
Innovasjonstiltak	0	800	1 800	300
Bedriftshelseteneste	100	100	100	100
Ominnredning kontor fylkeshuset	1 000	1 000	0	0
Auka utgifter stillingsbanken	1 250	700	0	0
Utstyr kantina	120	150	0	0
Arkivhyller	400	0	0	0
Sum auka behov	5 300	6 400	6 500	5 000

Øyremerka midlar som Tfk tidlegare fekk overført frå Staten til vidareformidling er nå flytta over til kommunane. Ein del av desse midlane har vore brukt til partnerskapsavtaler. I vedtatt budsjett er auka utgifter knytt til Folkehelse sitt arbeid i forbindelse med å kunne oppretthalda aktivitetstilbodet i allereie inngåtte partnerskapsavtaler satt til 0,5 mill. kr i 2015.

Auka utgifter stillingsbanken: 1,25 mill. kr i 2015 og 0,7 mill. kr i 2016 som følgje av anslag på inn- og utmeldingar av banken.

Både VKT AS og TFK Eiendom skal innlemmast i fylkeskommunen i 2015. Dette medfører behov for ombyggingar på fylkeshuset, samtidig som vi tar i bruk kontor som i dag er utleigde til eksterne. Det er avsett 1 mill. kr til ombyggingstiltak i 2015 og ytterlegare 1 mill. kr i 2016. Det er også lagt inn auke i husleige fylkeshuset med 0,3 mill. kr i 2015 og 0,5 mill. kr i dei andre åra.

Auka utgifter til løn i stabsavdelinga er følgje av tilpassing av stillingar før pensjonsavgang. Samtidig er personal- og organisasjonsavdelinga styrkt med ei halv stilling. Totalt utgjer dette om lag 0,8 mill. kr.

Innkjøpsfunksjonen er styrkt med om lag 0,5 mill. kr kvart år, og ein ny innkjøpsstrategi vil danne grunnlag for denne styrkinga.

Fylkeskommunen har i 2014 gått over til elektronisk arkiv og ein sentralisert arkivfunksjon på fylkeshuset. Dette medfører behov for nye arkivhyller til 0,4 mill. kr.

Midlar til traineeordninga på 0,4 mill. kr i 2015 og 2016, 0,8 mill. kr i 2017 og 2018. Ein trainee kostar om lag 0,4 mill. kr pr. år.

Kantineutstyr på 0,27 mill. kr, fordelt med kr 0,12 mill. kr i 2015 og 0,15 mill. kr i 2016. Investeringa er naudsynt for å auke kapasiteten og innteninga.

Bedriftshelsetenesta: auka utgifter med 0,1 mill. kr. etter ny avtale.

For å styrke fylkeskommunens viktigaste ressurs, dei tilsette, er det satt av 1,5 mill. kr i 2016 og 2 mill. kr i 2017 og 2018 til kompetanseheving.

Fylkesrådmannen ønskjer å sikre at fylkeskommunen har ressursar til å ta i bruk KS sitt innovasjonsverktøy N3 (nytt, nyttig, nyttiggjort) for å finne dei smartaste løysingane og skape kultur for nyskaping. Det er budsjettert med innovasjonstiltak med om lag 3 mill. kr fordelt over dei tre siste åra i økonomiplanperioden.

Innsparing

Tal i heile tusen

Innsparingar	2015	2016	2017	2018
Omlegging elev-PC	0	2 000	2 000	3 000
Endre/vurdere stillingsbanken	0	2 000	2 000	2 000
Redusert antall elev-PC	1 000	1 000	1 000	1 500
Team eiendom	1 000	1 000	1 000	1 000
Bemanningsreduksjon/effektivisering	500	500	500	500
Bemanningsreduksjon/effektivisering	300	300	300	300
Div. utgifter fylkeshuset	500	600	700	700
Annonsering	500	500	500	500
Ny løysing for viruskontroll og avslutning Notes	500	500	500	500
Sum innsparingar	4 300	8 400	8 500	10 000

Det blei foreslått å innføre eigendelar på elev-pc ved innhenting av utstyrsstipend frå elevane. I dag kostar pc-ordninga om lag 12 mill. kr. I vedtatt budsjett blei ordninga med gratis elev-pc vidareført med dagens ordning. I tillegg blei det foreslått å utgreie ei omlegging av ordninga, med eit system der elevane kan nytte eige utstyr. Fylkestinget vi få ei eiga sak om dette i 2015.

Redusert tal på elevar vil gi reduserte utgifter til elev-pc'ar på om lag 1 mill. kr.

Eigedomsforvaltinga har budsjettert med lågare administrative utgifter. I tillegg er løn justert ned til reelt nivå. Totalt utgjer dette ei innsparing på 1 mill. kr i året.

Det er budsjettert med 0,8 mill. kr i effektivisering og nedbemanning som følgje av kjente endringar i stabsavdelinga.

Effektivisering av drifta av fylkeshuset er aktivt starta i 2014. Leiarfunksjonen for drifta av Fylkeshuset er auka frå halv til full stilling for å få betre styring. Budsjettet følgjer opp dette med reduksjon i diverse forbruk, herunder reduserte utgifter til strøm, kantine og annonsering. Totalt utgjer dette 1 mill. kr i innsparing i 2015. Innsparinga er pårekna å auke noko i dei andre åra i økonomiplanperioden.

Det er investert i nye dataløysingar som gir ei årleg innsparing på 0,5 mill. kr.

Det er lagt inn innsparing knytt til stillingsbank på 2 mill. kr pr. år, men då først frå 2016. Det vil bli sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på endringar i stillingsbanken. Det kan vere aktuelt å endre regelverket for stillingsbanken ved t.d.:

- la banken berre vere eit verktøy for å handtere årlege endringar i skuletilbodet.
- endre vilkåra for innmelding i banken og/eller endre kor lenge ein kan vere innmeld i banken.
- gi einingane eit større økonomisk ansvar for dei personane som dei melder inn i banken.

Stillingsbanken blei oppretta av Fylkestinget i sak 1/94. Retningslinene blei sist endra med verknad frå 1.4.2010.

8.2. Resultatmål

Resultatmål for området Administrasjon, fellestenester og folkehelse blei vedtatt i fylkestingsak 34/14 Langtidsprioriteringar for 2015 – 2018.

Utfordringar	Resultatmål
Samhandling, kompetanseutvikling og bedriftskultur	<ul style="list-style-type: none">• Medarbeidarane skal oppleve god intern samhandling i organisasjonen.• Kompetanseutviklinga i fylkeskommunen skal bidra til god/betre ressursutnytting og utvikle ein god bedrifts- og læringskultur. Medarbeidarane skal oppleve læringstrykk i organisasjonen.• Gjennomført leiarutviklingsprogram for alle leiarar på alle nivå.
Resultat- og risikostyring for å sikre god kvalitet	<ul style="list-style-type: none">• Alle styringsdokument og relevante prosessbeskrivelser ligg i Kvalitetslosen. Risiko og sårbarhetsanalyser er gjennomført på særleg utsette område.• Politikarar, tilsette og leiarar i fylkeskommunen skal vere nøgde med fellestenestene.
Fornyng og innovasjon	<ul style="list-style-type: none">• Telemark fylkeskommune skal nytte teknologi på ein innovativ måte for å betre tenestekvaliteten, betre dialogen med tenestemottakarane og innbyggjarane, og sikre effektiv ressursbruk i fylkeskommunen. Gevinstrealiseringa skal synleggjerast.
Folkehelse	<ul style="list-style-type: none">• Folkehelsearbeidet i Telemark skal samordnast og vere sentrert rundt prioriteringane gitt i Regional strategi for folkehelse 2012-16. Måla i strategien skal leggjast til grunn for rapportering.

8.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak

I Langtidsbudsjettet for 2014-2017 er det angitt fire satsingsområde som skal ha prioritet i budsjettperioden. For hvert satsingsområde er det her gjort framlegg til tiltak for 2015:

Samhandling, kompetanseutvikling og bedriftskultur

- Gjennomføre leiarutviklingsprogram for å utvikle eit felles verdsett som grunnlag for god leiding og godt følgjeskap.
- Lage kompetanseplanar til bruk for alle tilsette og etablere rutinar for å sette desse i verk
- Opplæring i kvalitetsarbeid i heile fylkeskommunen
- Ta inn ein trainee i året i sentraladministrasjonen
- Gjennomføre opplæring i digitale hjelpemiddel og bruk av nye kommunikasjonsløyningar

Resultat- og risikostyring for å sikre god kvalitet

- Etablere system og rutinar for gjennomføring av risikovurderingar av uønska hendingar som påverkar måloppnåing innan fleire område - HMS, personal, økonomi, beredskap og informasjonstryggleik. Arbeide systematisk med etikk og antikorrupsjonsarbeid, og skape kultur for etikkarbeid.
- Telemark fylkeskommune vil ved bygging av ny vidaregåande skule i Skien krevje at utbyggjarane forpliktar seg mot sosial dumping. For å sikre at arbeidet mot sosial dumping og svart arbeid blir følgt opp, skal fylkeskommunen samarbeide med Skatt Sør, Arbeidstilsynet, LO og Entreprenørforening for Bygg og anlegg, Buskerud, Vestfold og Telemark.

Fornyng og innovasjon

- Ta i bruk KS sitt innovasjonsverktøy N3 (nytt, nyttig, nyttiggjort) for å finne dei smartaste løysingane og fremje kultur for nyskaping. Vi ønsker å samarbeide tett med forskning, næringsliv og frivillig sektor for å utvikle arenaer for nyskaping, samordne virkemiddelbruk, fornye tenester, tilbod og arbeidsformer. Det er lagt inn ein auke i budsjettet i 2016 og 2017 til dette arbeidet.
- Lage ein ny innkjøpsstrategi, der fylkeskommunen legg til rette for enklare innkjøp som bidrar til utvikling av både næringslivet og tenestene og varene som blir leverte. Innovative innkjøp vil vere eit særleg satsingsområde innan innkjøp. Fylkeskommunen vil vere ein aktiv aktør for kommunesektoren på dette området, og vil forsøke å få i gang eit pilotprosjekt for enklare innkjøp. Det er lagt inn noko midlar til dette til oppstart i 2015.
- Digitalisering av arbeidsprosessar vil halde fram i 2015. Alle arbeidsprosessar skal vere gjennomgått og digitaliserte i løpet av 2016. Gevinstane skal avdekkast og bli planmessig realiserte ved bruk av gevinstrealiseringsverktøy frå KS.

- Ny digital løysing for læraranes administrative oppgåver (LAO) blir innført i 2015. LAO inngår i det nye saksbehandlarsystemet i fylkeskommunen, og er under utvikling i eit fylkeskommunalt samarbeid (FOT-samarbeidet) i 2014. Dette gir eit grensesnitt for pedagogisk personale som vil betre kvardagen og gjere det enklare å følgje opp administrative oppgåver.
- Vidareutvikling og opplæring i digitale kommunikasjonsløysingar til bruk både internt og eksternt.
- Fornye den digitale strategien. Sak skal leggjast fram for fylkestinget i juni 2015.

Folkehelse

I samband med iverksettinga av Regional strategi for folkehelse i Telemark 2012-2016, er det oppretta ei styringsgruppe, eit sekretariat og fire ressursgrupper. I tillegg pågår etablering av Forum for frivilligheit og folkehelsearbeid (FF).

Ressursgruppene vil i 2014 utarbeide handlingsplanar med tiltak for dei prioriterte innsatsområda. Folkehelsearbeidet i 2015 blir konsentrert om tiltaka som ressursgruppene og styringsgruppa foreslår å sette i verk innan desse områda:

- kosthald
- fysisk aktivitet
- psykososialt oppvekstmiljø
- kommunalt folkehelsearbeid

I tillegg skal temaet «aktiv aldring» utgreiast. Oppgåva er å avklare korleis folkehelsesatsinga kan samordnast og bidra på etablerte arenaer innanfor samhandlingsreformen med helsefremjande og førebyggjande tiltak, med spesiell tanke på korleis helseutfordringar i alderdommen kan førebyggjast.



Foto: Dag Jensen

9. Vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring omfattar opplæring i skule og arbeidsliv, karriererettleiing, oppfølgingstenesta (ot), pedagogisk-psykologisk teneste (ppt) og vaksenopplæring og fagskuletilbod i Telemark.

Ved dei 11 vidaregåande skulane blir det gitt eit tilbod innan alle dei 12 nasjonale utdanningsprogramma. Det blir òg lagt til rette for og gjennomført privatisteksamenar, og det blir formidla ungdom til opplærings- og lærekontraktar i ca. 100 ulike fag i offentleg og privat arbeidsliv innan 1000 godkjende lærebedrifter.

9.1. Økonomisk ramme

Økonomiske rammer for områda legg til grunn vedtak i LTP for 2015 – 2018. Løns- og prisvekst er om lag 33,6 mill. kr for dette området. Budsjettet er vedtatt redusert med 14,5 mill. kr i 2015, deretter aukande til 30,8 mill. i 2018. Dei vedtatte endringane er nærmare omtala i dette kapittelet.

Rammeområde: Vidaregående opplæring

Tal i heile tusen

Økonomiplan 2014-17	2014	2015	2016	2017
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	908 918	903 418	896 418	896 418
Tekn. og vedtatte endringar, vedlegg 8	28 412	30 070	34 961	34 119
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	937 330	933 488	931 379	930 537

Økonomiplan 2015-18		2015	2016	2017	2018
Ramme før fylkesrådmannens forslag		937 330	933 488	931 379	930 537
Auka behov	} Vedlegg 9	12 003	11 500	12 650	13 281
Auka behov dekt innanfor ramma**		-12 003	-11 500	-12 650	-13 281
Innsparing		-14 550	-24 813	-27 813	-30 813
Auke i Statsbudsjettet: Fagskolen		2 240	2 240	2 240	2 240
Auka finansiering av skoletilbodet		2 000			
Vedtatt økonomisk ramme		927 020	910 915	905 806	901 964

Fordeling av ramme	2015	2016	2017	2018
Seksjon for kvalitet og utvikling	135 963	137 763	137 763	137 763
Seksjon for drift	13 064	714	-2 286	-5 286
PPT og OT *	15 616	15 616	15 616	15 616
Diverse formål opplæring	4 812	2 749	2 749	2 749
Vidaregående skoler	757 014	753 872	751 763	750 921
Prosjekter	550	200	200	200
Sum vedtatt budsjett 2015-2018	927 020	910 915	905 806	901 964

* Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og oppfølgingstenesten (OT).

** Som følge av Fylkestingets vedtak 99/14 er ramma styrka til dekking av auka behov.

I forslag til statsbudsjett for 2015 har regjeringa innvilga Telemark fylkeskommunes søknad om landsline i natur og miljø ved Rjukan vidaregåande skule. Løyvinga for 2015 er foreslått med 0,6 mill. kronar, aukande til 1,7 mill. i 2016, 2,8 mill. i 2017 og 3,4 mill. i 2018 når tilbodet er i full drift på alle trinn.

Ramma til Fagskulen er i statsbudsjettframlegget auka frå 12,7 mill. kr i 2014 til 14,9 mill. kr i 2015.

Den økonomiske utfordringa for vidaregåande opplæring er at nedgangen i klasser/grupper er mindre enn nedgangen i elevtalet. Det gir eit noko redusert handlingsrom for skulane, som følgje av at finansieringa tar utgangspunkt i stykkpris pr. elev og ikkje tar omsyn til klasse/gruppe. Det er berre dei gruppene som ikkje kan samkøyrast med andre og som er under 10 elevar, som blir finansierte opp som om det var 10 elevar i gruppa.

I vedtaket til budsjett 2015 er ramma til dei vidaregåande skulande auka med 2 mill. kr for å sikre fullfinansiering av tilbodet inneverande skuleår.

Omdisponeringar

Frå september 2014 er tre stillingar overførte frå skulane til arkivet på Fylkeshuset. Sjå omtale i kapittel 8 – Administrasjon, fellestenester og folkehelse. Heilårseffekten av desse er trekt frå Vidaregåande opplæring frå 2015.

Auke

Fylkesrådmannen har lagt vedtatt skulestruktur til grunn, men ser behov for å gjere omprioriteringar innan vidaregåande opplæring. Dei følgjande områda blir prioritert med styrkt budsjett:

Tal i heile tusen

Auka behov	2015	2016	2017	2018
Til disp for hovedutvalg	4 000	987	987	987
Sunne kantiner	100	100	100	100
Økt fysisk aktivitet i skolen	100	100	100	100
Kompetanseheving lærere	2 000	3 300	3 300	3 300
Voksenopplæring	1 803	2 590	2 590	2 590
Nye IT-system - Visma flyt skole	0	273	1 423	2 054
Utviklingsmidler	1 500	2 000	2 000	2 000
Gjesteelever	1 200	1 200	1 200	1 200
IKT-pedagog	950	950	950	950
Regional plan	350	0	0	0
Sum auka behov	12 003	11 500	12 650	13 281

Videregående opplæring har i budsjettsaka i FT-sak 99/14 blitt tilført 4 mill. kr som Hovedutvalet for kompetanse har til disposisjon i 2015. Det er vidare løyvd kr 0,1 mill. kr til sunne kantiner og 0,1 mill. kr til økt fysisk aktivitet i skulane.

Telemark fylkeskommune arbeider med å forbetre og etablere gode rutinar innan kompetanseheving for lærarar. Det blir vist til tiltak under auka læringsutbytte. Ein samla plan blir fremja for hovudutvalet i januar 2015 og deretter til fylkestinget. 1,7 mill. kr ligg inne i ramma til dette området frå før, og det blir gjort framlegg om ein auke med 2 mill. kr i 2015, og frå 2016 3,3 mill. kr slik at samla ramme blir på 5 mill. kr.

Som omtalt i LTP er vaksenopplæring eit område som bør aukast dei komande åra. Behova er omfattande. Føreslått rammeauke for 2015 er 1,8 mill. kr, aukande til 2,59 mill. kr frå 2016.

Utviklingsmidlar skal brukast til å støtte gode tiltak og prosjekt på dei vidaregåande skulane med målsettingar om auka gjennomføring eller læringsutbytte, i tråd med våre overordna mål. Det er svært viktig å stimulere skulane til å drive aktivt utviklingsarbeid med moglegheit til å søke ekstra slike utviklingsmidlar. Det er vedtatt å avsetje 1,5 mill. kr i 2015-budsjettet til

føremålet, aukande til 2 mill. kr frå 2016. Eksempel på område for aktuelle prosjekt er: Tilpassa opplæring, klasseleiing, vurderingsarbeid, tiltak for minoritetsspråklege, grunnleggjande ferdigheiter, alternative opplæringsarenaer, folkehelseperspektiv, internasjonalt arbeid og verdensarvstatus. Lista er ikkje uttømmjande. Samarbeidsprosjektet med Odd for å stimulere til auka gjennomføring (TUP-prosjektet) har vore vellykka og er føreslått vidareført.

Erfaring frå dei siste åra viser at posten gjesteelever har vore budsjettert med ei urealistisk inntekt. Vedtaket inneber at dette kommer i balanse. Denne posten er justert for 2014 av hovudutval for kompetanse i juni 2014, i tråd med dette framlegget, og inneber ein varig auke på 1,2 mill. kr frå 2015.

Det er framlegg om å ta forsøksordninga med IKT-pedagogar over i varig drift. Ordninga er viktig for kompetanseheving av lærarar, og er eit varig tiltak innan digital kompetanseheving. Budsjettet blir styrkt med 0,95 mill. kr til ordninga.

For å fullføre arbeidet med regional plan for oppvekst og kompetanse, er det behov for meir arbeid i 2015 enn det som opphavleg var lagt inn. Behovet er 0,35 mill. kr.

Nye IT-system er under innføring. I 2015 vil nytt sak/arkiv system bli tatt i bruk av lærarane. Arbeidet med nytt skuleadministrativt system «Visma FLYT Skole», blir førebudd i 2015-16, for å bli innført våren 2017. Utgiftene vil auke frå 2016, men det er òg forventa betydelege gevinstar på kvalitet og effektivitet. Det vil bli laga gevinstrealiseringsplanar for denne innføringa.

Innsparing

Tal i heile tusen

Innsparinger	2015	2016	2017	2018
Elevnedgang - reduserte utgifter skolene	19 265	28 675	32 825	36 456
Reduksjon spesialundervisning	4 000	5 000	5 000	5 000
Kompetansesenteret (HUK 13/1766)	700	1 000	1 000	1 000
Inntekt fra Vox	800	800	800	800
Inntekt fra kurs og ressursenter	500	500	500	500
Tilskudd til Kvitsund	88	338	338	338
Karrieresenteret, finansieres fra fond	1 200	0	0	0
Sum innsparingar	26 553	36 313	40 463	44 094
Reversering kutt skoletilbud vår 20015	-2 000			
Ny sum innsparingar	24 553	36 313	40 463	44 094

Den reduserte ramma frå 2015 er i hovudsak tatt ut gjennom nedgang i elevtalet og finansieringa pr. elev pr. utdanningsprogram til dei vidaregåande skulane. Innsparinga for 2015 er berekna til 19,3 mill. kr. Det er i berekningane lagt til grunn at elevtalet blir redusert etter prognosen i «Skuletilbodet 2020». Nedgangen frå hausten 2014 er i tråd med denne prognosen.

Elevtalet pr. 1.10.2014 er 6 235 heiltidselevar og 82 deltidselevar som tar under 50 % av faga, til saman 6 276 elevar.

Av det samla elevtalet er det i skuletilbodet 2014-2015 70 ikkje-rettselevar. Fylkestinget har tidlegare løyva 4 mill. kr til denne gruppa, som dekkjer om lag 50 elevar. Ramma til dei vidaregåande skulane manglar såleis 1,8 mill. kr på å vere fullfinansiert for alle elevane. Finansiering av desse elevane er innarbeidd innanfor ramma.

«Skuletilbodet 2020» hadde følgjande prognose for elevtalsutvikling:

År	vg1	vg2	vg3/4	Sum elevar
2013	2596	2375	1514	6484
2014	2506	2206	1544	6256
2015	2503	2130	1434	6067
2016	2522	2128	1384	6034
2017	2420	2144	1383	5947
2018	2267	2057	1394	5718

Figur 6 Prognose for dimensjonering av tal på elevplasser på VG1, VG2, VG3.

Telemark fylkeskommune bruker meir enn andre fylkeskommunar på spesialundervisning. Det blir arbeidd for å redusere utgiftene innan dette området. Det er understreka at elevar som treng spesialundervisning etter enkeltvedtak fortsett skal ha det dei treng, men i tråd med regjeringas ambisjonar skal langt fleire tiltak leggjast til rette som tilpassa opplæring i ordinær undervisning. Det er stipulert at innsparinga som følgje av dette vil kunne vere 4 mill. kr i 2015, aukande til 5 mill. kr årleg frå 2016.

Frå og med skuleåret 2014/15 er budsjettfordelingsmodellen for tildeling til spesialundervisning i ordinær undervisning endra (HUK-sak 16/14). Tildelinga er nå basert på inntakskaraktarar.

Telemark fylkeskommune sin del av drifta til Karrieresenteret er vedtatt finansiert frå fond i 2015. Dette som følgje av at Telemark fylkeskommune har ytt meir enn NAV dei siste åra. Frå 2016 er Karrieresenteret attende med finansiering over driftsbudsjettet på same nivå som i ramma nå. Innsparinga for 2015 er på 1,2 mill. kroner.

Driftstilskot frå Vox til partnerskap for Karrieresenter er budsjettert inn, då den no er ei fast ordning. Totalt er det budsjettert med 1,6 mill. kr. Beløpet er delt mellom Telemark fylkeskommune og Karrieresenteret. Den årlege innsparingseffekten for Telemark fylkeskommune blir såleis på 0,8 mill. kr frå 2015.

I tråd med politisk vedtak blir kompetansesenteret ved Hjalmar J. vgs. frå 1.8.2015 ikkje finansiert særskilt, men gjennom ordinær stykkprisfinansiering per elevplass. Dette medfører ei forventta innsparing på 0,7 mill. kr for 2015, aukande til 1 mill. kr frå 2016.

Hovudutval for kompetanse har i møtet i november behandle sak om retningsliner for oppdragsundervisning i Telemark fylkeskommune. Det blei vedtatt at overskotet ved oppdragsundervisninga skulle fordelast mellom den enkelte verksamhet og Telemark fylkeskommune som heilhet, ved at 25 % av overskotet tilbakeførast ansvar 2. Eit anslag for innsparingseffekten, basert på nivået frå dei siste åra, blir då 0,5 mill. kr årleg frå 2015.

Driftstilskottet til Kvitsund gymnas er vedtatt redusert får 0,34 mill. kr i 2014 til 0,25 mill. kr i 2015, og dette gir ein innsparing i 2015 med kr 88 000. Frå og med 2016 fall tilskottet bort. Dette inneber ei innsparing på 0,34 mill. kr årleg frå 2016. Kvitsund gymnas får eit høgare tilskott frå staten pr. elev enn det våre eigne vidaregåande skular får frå fylkeskommunen. Skulen får 85 % av kr 114 900 i statsstønad, dvs. kr 97 665 pr. elev. Som eksempel får Bø vgs. for skuleåret 2014/2015 berre kr 95 400 pr. elev frå Telemark fylkeskommune. Dette beløpet er inkludert tilskott til elevar som treng spesialundervisning, mens Kvitsund gymnas har rett på ekstra tilskott frå fylkeskommunen for desse elevane. For skuleåret 2013/2014 var tilskottet til elevar som treng spesialundervisning på kr 335 000.

I fylkestingssak 60/11 blei det vedtatt eit innsparingskrav for kostnader knytt til elevar som tilhøyrar «opplæring i mindre grupper», spesielt knytt til dei som gjeng i det 4. og 5. året. Dette innsparingskravet er på 3 mill. kr for 2015 og ligg i ramma. Utfordringa i saka er at avslag frå Fylkeskommunen på søknadar om å få innvilga 4. og 5. år kan klagas til Fylkesmannen som så har siste ord. Fylkeskommunen har oppretta dialog med Fylkesmannen om gode prinsipp for desse søknadane.

Øvrige satsingar

Lærling eller vg3 i skule?

Dimensjoneringa av IKT-servicefaget er ikkje i samsvar med arbeidslivet sitt behov. Dette er eit fag Telemark fylkeskommune har lærlingar i. Kostnaden med eit vg3-tilbod i skulen over 18 månader dekkjer kostnaden for 4 læreplassar over 2 år. Hausten 2013 starta 11 elevar på vg3 i skule, og pr. oktober er det 6 elevar i gruppa som starta hausten 2014.

Kvalifiseringsprogram

Telemark fylkeskommune fekk 1,6 mill. kr i tilskott frå Utdanningsdirektoratet sommaren 2014. Målet er å få flest mogleg elevar, som ikkje har fått lærlingplass, ut i lærlingplass eller anna form for tiltak i løpet av programmet.

9.2. Resultatmål

Resultatmål for området vidaregåande opplæring blei vedtatt i fylkestingsak 34/14, Langtidsprioriteringar for 2015 – 2018.

Utfordringar	Resultatmål
Auka læringsutbytte	<ul style="list-style-type: none"> • Faglege resultat i norsk, engelsk, matematikk, naturfag, skal liggje minst på nasjonalt nivå. • Lærlingar med bestått resultat på fagprøva skal vere på minst 95 %. • Ingen avvik større enn 0,2 karaktereiningar mellom standpunkt karakter og eksamens karakter.
Auka gjennomføring	<ul style="list-style-type: none"> • 75 % av elevane skal gjennomføre og bestå vgo i løpet av 5 år. • Heva lærekontraktar skal ikkje utgjere meir enn 5 % av den totale mengda kontraktar. • Minst 60 % av vaksne i vidaregåande opplæringa skal ha bestått i løpet av 3 år.

9.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak

I Langtidsbudsjettet for 2015-2018 er det angitt to satsingsområde som skal ha prioritet i budsjettperioden, auka læringsutbytte og auka gjennomføring. For kvart satsingsområde er det her gjort framlegg til tiltak for 2015.

Auka læringsutbytte

Eksamensresultata våren 2014 viser at Telemark er nr. 18 av 19 fylke om ein ser på fellesfaga. Dette inneber at Telemark fylkeskommune fortsett må arbeide for at læringsutbyttet blir betre. Følgjande satsingar blei vedtatt i Langtidsprioriteringane for 2015-2018:

Kompetanseutvikling av lærarar og skuleleiarar med særleg vektlegging av minoritetsspråklege, IKT, klasseleing, vurdering for læring og prioriterte fagområde. Ha et medvite forhold til kompetansekrav ved tilsetting. Kompetanseplanen må vidareutviklast til eit god system for gjennomføring av kompetansetiltak innan fellesområda og for individuelle planar.

- Utarbeide og deretter aktivt bruke kompetansehevingsplan for å prioritere tiltak.
- Gjennomføre pilotprosjekt på Skogmo vidaregåande skule med full kompetansekartlegging av alt pedagogisk personale og tilhøyrande utviklingsplan.

- Minst 10 skuleleiarar startar på «rektorskulen» hausten 2015.
- Hospiteringsordninga for lærarar i yrkesfag: Minst 45 yrkesfaglærarar og minst 15 fellesfaglærarar i 2015. Minst 5 faglege leiarar/instruktørar på omvend hospitering - bedrift til skule i 2015.
- Kvalitetssikring og skolering av alle nyvalde prøvenemnder. Gjennomføre kompetansehevingstiltak for 300 faglege leiarar og instruktørar i 2015.
- Auke bruken av NDLA (Nasjonal digital Læringsarena) med 10 % i 2015.

Iverksette gode utviklingsprosjekt og tiltak. Alt med vekt på at læringsutbyttet for elevane blir styrkt.

- Minst 5 pilot prosjekt knytte til auka læringsutbytte.
- Ha etablert eit godt system for kvalitetsarbeid og styringsdokument innan vidaregåande opplæring i løpet av 2015.

Auka gjennomføring

Tal for gjennomføring, fullførte og bestått etter 5 år frå Utdanningsdirektoratet viser denne utviklinga for Telemark: 2007-kullet 69,0 % og 2008-kullet 70,2 %. Dette er ei positiv utvikling for Telemark og gjer at fylket no er i midtsjiktet samanlikna med andre fylkeskommunar. Følgjande satsingar blei vedtatt i Langtidsprioriteringane for 2015-2018:

Vidareføre samarbeidet med tydelege resultatmål mellom grunnskulen og dei vidaregåande skulane i fylket. Tilsvarande for innhald og organisering av fagforum, samt etablering av fleire fagforum.

- Minst 2 årlige møter i alle dei lokala kvalitetsfora som er etablerte med kommunane. I alle møte skal dei prioriterte satsingsområda stå på dagsorden.
- Etablere partnarship for karrierevegleiing i drift i 2015.
- Etablere felles praksis for karrierevegleiing gjennom færre og prioriterte tiltak
- I løpet av 2015 ha etablert fagforum innanfor alle dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i tråd med vedtatt mandat.

Vidareutvikle arbeidet med tilpassa opplæring og tett oppfølging av elevar. I løpet av perioden må Ny GIV-prosjekta takast inn i ordinær drift, og det må vurderast om ein skal bruke alternative opplæringsløp.

- Utvikle og starte fleksible opplæringsløp innanfor service og samferdsel og helse og oppvekst. I tillegg skal prosjektet «Talent til fagarbeidar» gjennomførast og det skal startast nytt kull 2015.

- Alle skulane skal gjennomføre kartlegging av minoritetsspråklege elevar med mindre enn 5 års botid i Noreg. Naudsynte tiltak skal setjast i verk.
- Redusere talet på enkeltvedtak innan spesialundervisning med 20 % i 2015 (samanlikna med 2013)

Gi et godt voksenopplæringstilbud.

- Fremje heilskapleg plan for prioriteringar innan VO-området for 2015/16 for hovudutvalet tidleg i 2015.

Auke talet på nye lærlingbedrifter.

- Rekruttere 100 nye registrerte lærebedrifter i 2015. Auken føreset vidareføring av stimuleringsstøtte frå staten til nye lærebedrifter.
- Kvalifiseringsprogrammet: Alle elevar som deltar i programmet skal formidlast til læreplass.

Folkehelse

- To fleire vidaregåande skular skal ha «sunn kantine» i 2015. Alle dei vidaregåande skulane skal ha «sunn kantine» seinast innan 2017.
- Fire av dei vidaregåande skulane skal ha minst 30 minutt fysisk aktivitet i løpet av skuledagen (på skuleveg og i skuletid). Alle dei vidaregåande skulane skal nå dette målet innan 2017.
- Prosjektet «Styrking av skulehelsetenesta» blir slutført i 2015. Evaluering skjer i 2016
- Alle dei vidaregåande skulane skal i 2015 ha eit førebyggjande program innan psykisk helse.

Internasjonalt arbeid

- Ein felles internasjonale strategi for vidaregåande opplæring skal vere utarbeidd innan utgangen av 2015.



Foto: Dag Jensen

10. Tannhelse

Tannhelse omfattar den offentlege tannhelsetenesta som er stadfesta i lov om tannhelsetjenesten av 1983.

Primært skal den sikre regelmessig oppsøkjande og utvende tannhelsetenester til prioriterte grupper saman med tilgang til naudsynt spesialistbehandling. Tilbodet skal vektleggje førebygging og helsefremjande aktivitetar framfor behandling. Vaksne pasientar skal sikrast behandlingstilbod i rimeleg avstand frå sin bustad. I 2013 hadde den offentlege tannhelsetenesta i Telemark fylkeskommune behandla og hatt tilsyn med meir enn 50.000 pasientar.

10.1. Økonomisk ramme

Økonomiske rammer for områda legg til grunn vedtak i LTP for 2015 – 2018. Løns- og prisvekst er om lag 2,2 mill. kr for dette området. Budsjettet er vedtatt redusert med 1 mill. kr i 2015, deretter ytterlegare 1 mill. kr for kvart av åra 2016, 2017 og 2018. Dei vedtatte endringane er nærmare omtala i dette kapittelet.

Rammeområde: Tannhelsetenesta

Tal i heile tusen

Økonomiplan 2014-17	2014	2015	2016	2017
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	63 719	62 719	61 719	61 719
Tekn. og vedtatte endringar, vedlegg 8	2 153	3 153	4 153	4 153
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	65 872	65 872	65 872	65 872

Økonomiplan 2015-18	2015	2016	2017	2018
Ramme før fylkesrådmannens forslag	65 872	65 872	65 872	65 872
Auka behov	3 480	2 930	2 040	2 100
Auka behov dekt innanfor ramma	-3 480	-2 930	-2 040	-2 100
Innsparing	-1 000	-2 000	-3 000	-4 000
Vedtatt økonomisk ramme	64 873	63 873	62 873	61 873

Fordeling av ramme	2015	2016	2017	2018
Tannhelsetenesta	8 029	8 029	8 029	8 029
Fylkestannlegen	2 080	2 080	2 080	2 080
Tannklinikkar	54 764	53 764	52 764	51 764
Sum vedtatt budsjett 2015-2018	64 873	63 873	62 873	61 873

Samla sett har tannhelse reell auke på 12 % i utgifter og 28 % auke i inntekter samanlikna med budsjett 2014. Innsparinga på 1 mill. kr i 2015 må søkjast dekt gjennom betre utnytting av kompetansen i organisasjonen.

Auke

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018
Auke med to årsverk tannpleiar	1 000	1 000	1 000	1 000
Forskningsprosjekt	980	930	40	100
Redusert inntektskrav Treungen	600	600	600	600
Nto auka utgifter sammenslåing til Vinje tannklinikk	500	0	0	0
Auke med eit årsverk resepsjonist Vinje tannklinikk	400	400	400	400
Sum auka behov	3 480	2 930	2 040	2 100

For å klare innsparingane dei neste åra er det viktig å auke effektiviteten utan at tannhelsetilbodet blir redusert. Dette inneber ei tydelegare omstilling av arbeidsfordelinga til LEON prinsippet; Lågast Effektive Omsorgs Nivå, som har vore anbefalt i nasjonale rettleingar for tannhelsetenesta i mange år. Tannpleiarane får ei styrka rolle i førstelinetenesta, og tannhelsesekretærene tar over fleire støttefunksjonar slik at tannlegane kan konsentrere seg om behandling. Dette vil auke tilbodet til vaksne betalande pasientar og dermed også innteninga i tannhelsetenesta.

For å oppnå de ønska resultat må ein tilsette to nye tannpleiarar i 100 % stilling. Ei 100 % stilling blir oppretta ved tannklinikken i Rjukan, medan Skien får ei 100 % stilling delt med Ulefoss. Ei 50 %-stilling i Skien blir flytt til Tannklinikken Treungen, der det ikkje har lukkast å tilsette ny tannlege i 2013 og 2014. Samstundes styrker ein her samarbeidet med Tannklinikken i Drangedal, der det har vore ein ekstra tannlege sidan 2013. Dette er sentrale tiltak for å sikre målsettinga om auka utvendt og oppsøkjande tannhelsetilbod til prioriterte grupper.

Det blir oppretta ein ny stilling som resepsjonist ved Tannklinikken Vinje. Den nye stillinga er naudsynt fordi fire tannlegar og ein tannpleiar vil auke trongen for betre tilrettelegging av pasientservice og samhandling med kommunale institusjonar som skular, sjuke- og omsorgssenter.

Tannhelsetenesta har planar om å gjennomføre ei rekke forskingsprosjekt i økonomiplanperioden. Telemark fylkeskommune vil nytte data frå journalsystemet (OPUS) som grunnlag for forskinga. Formålet med forskinga er å auke kvaliteten på arbeidsmetodar og kvalitetskontroll. Vidare er det inngått ein intensjonsavtale med næringsliv og academia på eit konkret forskingsprosjekt for å finne markørar for ulike tannkjøttssjukdommar.

Innsparing/inntening

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018
Auka inntekt tannklinikkar	2 130	2 580	2 680	3 180
Auka inntekt spesialister	1 850	1 850	1 860	2 420
Treungen innsparing løn	500	500	500	500
Sum innsparing/inntening	4 480	4 930	5 040	6 100

Som følge av betre organisering av arbeidet vil tannlegane få frigitt meir tid til tannbehandling, også av betalande pasientar (sjå omtale under auke).

ESA (EFTA Surveillance Authority) krev at Den offentlege tannhelsetenesta i Noreg sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering innanfor Den offentlege tannhelsetenesta. ESA krev at det blir ført eige rekneskap for lovpålagde oppgåver (prioriterte grupper) og for konkurranseutsett verksemd (betalande pasientar). Takstar for sistnemnde gruppe skal sikre at betaling dekkjer direkte og indirekte kostnader, samt gir eit overskot på om lag 10 % for fylkeskommunen. Med eit slikt krav må ein vente at takstane i Den offentlege

Tannhelsetenesta må aukas, noko som vil bli lagt fram i eiga sak for politisk leing. Alle spesialisttenester som kjeveortopedi, endodonti og oral kirurgi skal skje på same premissar.

10.2.Resultatmål

Resultatmål for området Tannhelse blei vedtatt i fylkestingsak 34/14, Langtidsprioriteringar for 2015 – 2018. Måla for tannhelsetenesta ligg fast, men for komande budsjettperiode er det i tillegg lagt inn eit nytt mål om førebyggjande arbeid knytt til folkehelseaspektet.

Utfordringar	Resultatmål
Tenestetilbodet til prioriterte grupper er tannhelsetenesta si primære oppgåve.	<ul style="list-style-type: none"> Tannhelsa hos indikatorårskulla (5,12 og 18 år) skal vere like god som landsgjennomsnittet Andelen av eldre og kronisk sjuke som får tilbod og behandling skal aukast til 40 % mot dagens 30 %
Vaksne, betalande pasientar skal ha eit fagleg solid tannhelsetilbod i rimeleg avstand frå bustaden	<ul style="list-style-type: none"> Talet på betalande pasientar skal vere stabilt eller auke Innteninga frå betalande klientell skal utgjere minst 50 % av nettobudsjettet til tannhelsetenesta Vaksne betalande pasientar skal få tilbod om spesialistbehandling så langt dette ikkje reduserer tilbodet til prioriterte grupper
Styrke folkehelsearbeidet gjennom større vekt på kosthald	<ul style="list-style-type: none"> Tannhelse deltar i Ressursgruppe kosthald i sektorovergripande samla regionalt og lokalt folkehelsearbeid Tannpleiarane aukar si oppsøkjande og utvende verksemd til 2000 timar i året.
Internasjonalt arbeid	<ul style="list-style-type: none"> Tannhelsetenesta vil starte forskingsprosjekt i samarbeid med akademia og næringsliv der det er nyttig og mogleg

10.3.Prioriterte satsingsområde og tiltak

I Langtidsbudsjettet for 2015-2018 er det angitt fire satsingsområde som skal ha prioritet i budsjettperioden. For kvart satsingsområde er det her gjort framlegg til tiltak for 2015.

Tenestetilbod for prioriterte grupper

- Innkallingsrutinar for barn og unge skal følgjast opp og tilpassast nasjonale retningsliner.
- Samhandlinga med kommunane skal styrkast gjennom særskilde kommuneavtalar slik at alle eldre og kronisk sjuke får tilbod om gratis tannbehandling. Dette er særleg viktig for

pasientar som har rett til heimesjukepleie. Målet er at slike avtalar er inngått med alle kommunar i perioden.

- Tilbod om spesialistbehandling skal styrkast, spesielt hos eldre og kronisk sjuke
- Spesialist i restaureringsbehandling (protetikk) skal tilsettast i perioden fram til 2018

Tenestetilbod for vaksne betalande pasientar

- Vaksne betalande pasientar skal få tilbod om behandling i Den offentlege tannhelsetenesta dersom dei har behov for det og kapasiteten ved klinikkane tillet slik verksemd.
- Behandling av vaksne betalande pasientar skal styrkast for å sikre mangfald og klinisk fagleg kompetanseutvikling hos tannlegane, slik at tenesta kan gi eit solid og tidsmessig behandlingstilbod.
- Auka tilbod om spesialistbehandling i Den offentlege tannhelsetenesta skal også komme vaksne betalande pasientar til gode.

Folkehelsearbeid

- Tannhelse skal delta i ressursgruppe KOSTHALD i det regionale og lokale folkehelsearbeidet
- Folkehelse skal vere ein viktig del av tannpleiarane si utvende og oppsøkjande verksemd, som blir auka til 2000 timar årleg i 2015

Internasjonalt arbeid

- Tannhelsetenesta har konkrete planar om ei rekke forskningsprosjekt som kan leggje grunnlag for internasjonalt samarbeid med akademia og næringsliv.
- Planen er å starte opp tre ulike prosjekt i perioden



Foto: Dag Jenssen

II. Regional utvikling

Regional utvikling har ansvaret for å utvikle fylkeskommunen som leiande regional utviklingsaktør og skape ei positiv samfunnsutvikling i Telemark. Rammeområdet har stor breidde i fagområde som omfattar næringsutvikling, reiseliv- og stadutvikling, kultur og idrett, internasjonalt arbeid og forvaltning av kulturminne, miljø og naturressursar.

11.1. Økonomisk ramme

Økonomiske rammer for områda legg til grunn vedtak i LTP for 2015 – 2018. Løns- og prisvekst er om lag 2 mill. kr for dette området. Budsjettet er vedtatt auka med 8,2 mill. kr i 2015, 2,9 mill. kr i 2016 og 2017 og 0,4 mill. kr i 2018. Det er venta ein svak auke i regionale utviklingsmidlar frå 45,9 millionar i 2014 til 47,1 millionar i 2015, noko som skuldast ei tildeling på 2 millionar i omstillingsmidlar. Dei vedtatte endringane er nærmare omtala i dette kapittelet.

Rammeområde: Regional utvikling

Tal i heile tusen

Økonomiplan 2014-17	2014	2015	2016	2017
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	74 294	64 894	62 769	61 619
Tekn. og vedtatte endringar, vedlegg 8	-6 118	2 407	3 757	4 907
Sum vedtatt budsjett 2014 - 2017	68 176	67 301	66 526	66 526

Økonomiplan 2015-18	2015	2016	2017	2018
Ramme før fylkesrådmannens forslag	68 177	67 302	66 527	66 527
Auka behov	9 710	7 010	7 010	7 010
Auka behov dekt innanfor ramma*	-9 710	-7 010	-7 010	-7 010
Netto auke	8 210	2 900	2 900	400
Vedtatt økonomisk ramme	76 387	70 202	69 427	66 927

Fordeling av ramme	2015	2016	2017	2018
Regional utvikling	2 102	2 082	2 082	2 082
Nyskaping	11 012	10 672	10 272	10 172
Internasjonalt arbeid	5 946	5 946	5 946	5 946
Kultur	46 014	43 189	42 814	41 814
Kulturminnevern	5 014	5 014	5 014	5 014
Prosjekter	6 300	3 300	3 300	3 300
Innsparing				-1 400
Sum vedtatt budsjett 2015-2018	76 387	70 202	69 427	66 927

* Som følge av Fylkestingets vedtak 99/14 er ramma styrka til dekking av auka behov.

Auke

Tal i heile tusen

Auka behov	2015	2016	2017	2018
Kulturminnevern: Reallokering av bemanning fra Kultur	660	660	660	660
Nyskaping: Styrking av bemanning Næringsutv. og reiseliv	500	660	660	660
Flere arbeidsplasser, økt tilflytting	5 000	2 000	2 000	2 000
Frivilling arbeid	800	500	500	500
Unesco	1 000	1 000	1 000	1 000
Privatarkiv i Telemark	600	1 200	1 200	1 200
Medlemsskap SørNorsk filmsenter	350	240	240	240
Kultur: Knutepunktfinansiering av Lysbuen	500	450	450	450
Nyskaping: Nye priser: Årets Reiselivsprod. og Miljøpris, Fotavtrykk	150	150	150	150
Kultur: Auka Toppidrettsstipend, Fotavtrykk	100	100	100	100
Kulturminnevern: Ny pris: Årets Kulturminnevern, Fotavtrykk	50	50	50	50
Sum auka behov	9 710	7 010	7 010	7 010

Fylkestinget vedtok i sak 99/14 ei auke på 9,7 mill. kr i 2015. Auka er innarbeidd med 1,16 mill. kr til auka bemanning i Team Nyskaping og Team Kulturminnevern (2 stillingar), og 0,3 mill. kr til stipend/prisar som blir utdelte under Fotavtrykk.

Team Nyskaping blir styrkt for å utvikle dei næringsmessige aspekta av UNESCO-satsinga, med spesiell tanke på reiseliv og at det trengst auka kompetanse innan landbruk og mat.

I Team Kulturminnevern blir eit vikariat overført til fast stilling for å sikre tilstrekkelege ressursar innan nyare tids kulturminne. Dette er naudsynt for å realisere potensial frå UNESCO-status og tilfredsstillende krava til forvaltninga etter auka tal på fredningsobjekt.

Det er løyvd 5 mill. kr i 2015 til intensivert arbeid for å skape fleire arbeidsplassar og auka tilflytting til Telemark. Løyvinga er redusert til 2 mill. kr dei andre åra i økonomiplanperioden. Hovedutval for kultur har fått 0,8 mill. kr i 2015 til arbeid gjennom året for frivillig arbeid i Telemark. Dei andre åra i økonomiplanperioden er denne løyvinga på 0,5 mill. kr.

I mill. kr er løyvd til Unesco verdensarv og merkevare Telemark. Privatarkiv i Telemark er styrka med 0,6 mill. kr, og det er løyvd 0,35 mill. kr til medlemsskap i Sør Norsk Filmsenter.

Målsettinga om knutepunktfinansiering av Lysbuen Industri- og Kunsthistoriske Museum er synleggjort med eit auka fylkeskommunalt bidrag på 0,5 mill. kr frå 2015 og 0,45 mill. kr frå 2016, og er fremma som eige sak.

Auka trong til Fotavtrykk er inndekt i FT-sak 32/13, der dei nye prisane Årets Kulturminnevern, Årets Reiselivsprodukt og Miljøpris blei oppretta, og ramma til Toppidrettsstipend blei auka.

Innsparing

Tal i heile tusen

Innsparinger	2015	2016	2017	2018
Kultur: Evaluering og målretting av fylkeskommunale tilskott	0	2 000	2 000	3 000
Effektivisering av arbeidsoppgaver/naturleg avgang	0	0	0	1 400
Kultur: Arrangement og prosjekt	0	0	0	0
Kultur: Bemanning (reallokeres til Nyere tid/UNESCO)	660	660	660	660
Nyskaping: Tilskott regionale utviklingstiltak	400	400	400	500
Internasjonalt: Andre driftsutgifter	0	-50	-50	-50
Kultur: Telemark Kammerorkester	0	350	350	350
Internasjonalt: Andre driftsutgifter	250	250	250	250
Kultur: Husleige	0	240	240	240
Kultur: Fylkesbiblioteket	0	70	70	70
Kultur: Sørnorsk Kompetansesenter for Rytmask Musikk	190	190	190	190
Kultur: Administrasjon av Kulturell Spaserstokk	0	0	0	0
Sum innsparingar	1 500	4 110	4 110	6 610

Innsparing for 2015 er 1,5 mill. kr og er innarbeidd med 1,1 mill. kr i redusert bemanning og reduserte tilskott. Frå Team Kultur blir det omdisponert ein stilling til Team Kulturminnevern (nyare tids kulturminne) ved naturleg avgang.

Frå Team Nyskaping blir tilskott frå driftsmidlar til regionale utviklingstiltak redusert med 0,4 mill. kr. Reduksjon i tilskott blir kompensert med ei femårig løyving frå Telemark Utviklingsfond til arrangement og tiltak som profilerer Telemark nasjonalt og internasjonalt.

Frå Team Internasjonalt blir driftsutgifter til politisk og administrativt arbeid knytte til North Sea Commission (NSC) og Conference of Peripheral Maritime Region (CPMR) reduserte med 0,25 mill. kr, da fylkeskommunen ikkje lenger har sekretariatet for NSC.

I vedtak Hovudutval for Kultur, sak 59/14, vart medlemskap i Sørnorsk kompetansenettverk for rytmask musikk avslutta. Det reduserer årlege driftsutgifter med 0,19 mill. kr.

I perioden 2016-2017 er årleg innsparing 4,1 mill. kr og 6,6 mill. kr for 2018. Regional utvikling har i Fylkestingssak 99/14 fått en netto tilførsel i budsjettet i økonomiplanperioden; det vil si at tilførsel av midlar er høgare enn innsparingane.

I løpet av 2015 vil alle fylkeskommunale tilskottsordningar og overføringar på kulturområdet bli gjennomgått, der effekt, utgift og ressursbruk blir vurdert. Forventa innsparing er 2,0 mill. kr frå 2016 og 3,0 mill. kr frå 2018.

I løpet av 2015 blir det starta eit gevinstrealiseringsprosjekt for å effektivisere arbeidsprosessar og auke måloppnåing for regional utvikling. Forventa innsparing og effekt med naturleg avgang er 1,4 mill. kr frå 2018.

I eiga sak blir det vedtatt at tilskott til Telemark Kammerorkester blir inndratt med innsparing på 0,35 mill. kr frå 2016.

Husleigeavtala med Hellandtunet blir sagt opp i 2015, og dei fire tilsette får kontor saman med resten av Team Kultur på Fylkeshuset frå 2016. Samlokalisering av Team Kultur gir ei innsparing på 0,24 mill. kr.

11.2.Resultatmål

Resultatmål for området regional utvikling blei vedtatt i fylkestingsak 34/14

Langtidsprioriteringar for 2015 – 2018. Resultatmåla er justerte frå forrige LTP-dokument for å tydeleggjere innsatsen på auka konkurransekraft for nyetableringar, ekstern finansiering til næringsutvikling og samhandling med eksterne aktørar.

Utfordringar	Resultatmål
Meir nyskaping og fleire nyetableringar	<ul style="list-style-type: none"> • Høgare vekst i Telemark enn landsgjennomsnittet i antall arbeidsplassar i konkurrerande næringsliv • Etableringsfrekvensen i Telemark skal vere betre enn middels av fylka • Høgare andel overleving av nyetablering etter 5 år enn landsgjennomsnittet
Ny kunnskap gjennom FoU	<ul style="list-style-type: none"> • Auka finansiering til FoU gjennom deltaking i regionale, nasjonale og internasjonale programsatsingar
Auka attraktivitet som bu- og besøksstad	<ul style="list-style-type: none"> • Auka ekstern finansiering av prioriterte tilbake innan kultur, kulturarv, idrett og friluftsliv. • Auka besøkstal til kultur- og turistattraksjonar • Rjukan - Notodden inn på Unescos verdsarvliste i 2015 • Etablering av minst ein kulturminnesti i kvar kommune innan 2018
Samhandling med eksterne aktørar	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere samarbeidsavtalar med alle kommunane
Aktivt internasjonalt engasjement	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i etablerte internasjonale UNESCO-nettverk

11.3. Prioriterte satsingsområde og tiltak

I Langtidsbudsjettet for 2015-2018 er det angitt sju satsingsområde som skal ha særleg prioritet i budsjettperioden. For kvart satsingsområde er det her gjort framlegg til tiltak for 2015.

Følgje opp dei strategiske satsingane innanfor næringsutvikling

- I perioden vil det prioriterte arbeidet innanfor næringsutvikling vere å følgje opp dei strategiske tiltaka for å sikre effekt og gevinst slike at resultatmåla blir nådde.
- Regionale utviklingsmidlar blir prioriterte til prosjekte/tiltak der målet er å utvikle tilbod som kan styrke og vidareutvikle næringslivet og den regionale arbeidsmarknaden.
- Regionale utviklingsprosjekt med kommunane vil bli forankra i kommuneavtalane.
- Internasjonalt arbeid innanfor «Bridging Atlantic» og «Bridging Europe» blir målretta for å auke samarbeid og resultat for offentlege aktørar og privat næringsliv.
- Samspelet med SIVA i næringshageprogrammet skal utviklast for å etablere fleire næringshagar i samarbeid med kommunar.
- I perioden framover får arbeidet med Smart Spesialisering prioritet for å gjere regionen betre i stand til å utnytte sine konkurransefortrinn. Samordning og spissing av aktivitetane i etablerarkontora vil gjennomførast for å nå målet om auka etableringsfrekvens og overleving i eit felles regionalt utviklingsprosjekt.
- For å gi varig effekt av Invest-in-Telemark og Telemark Online, vil kunnskap og kompetanse som blir bygd opp i prosjektperioden overførast til kommunar og aktuelle verksemder i fylket gjennom auka medverknad frå næringssekskapa.
- For å møte auka konkurranse om å behalde og tiltrekke seg attraktiv kompetanse vil det i perioden bli utgreidd tiltak for å knytte studentar sterkare til fylket.
- Tiltak som kan styrke Telemarks posisjon når det gjeld etablering av statlege arbeidsplasser vil støttast ved bruk av regionale utviklingsmidlar.

Vidareføre røynslene frå VRI-prosjektet til anna næringsarbeid

- Knytte røynsler frå VRI-prosjektet til øvrig næringsarbeid, og gjennomføre prosjektutviklingskurs for å overføre metodikk som stimulerer til auka kvalitet og relevans i regionale utviklingsprosjekt og verkemiddelapparat.

Fullføre arbeidet med nominasjonsprosessen med mål å få Rjukan - Notodden inn på Unescos verdsarvliste i 2015

- Utvikle næringspotensialet i kulturarven innanfor søknadsområdet gjennom å prioritere fylkeskommunale ressursar til oppfølging og utvikling av UNESCO-status.

- Drifte et mellombels verdsarvsråd fram til søknaden er godkjend, og fullføre naudsynte fredningsforslag.

Styrke rollen som rådgivar for kommunar og andre aktørar i spørsmål og finansering knytte til Plan- og bygningslova og Kulturminnelova

- Følgje opp endra nasjonale retningsliner og prioriteringar gjennom kompetanseaukande tiltak i kommunane.
- Sikre omsynet til, og bruken av, kulturminne og kulturmiljø i plan- og byggesaker gjennom tidleg kommunikasjon med kommunar og tiltakseigarar.
- Auke statlege ressursar til freda bygg og anlegg gjennom påvirkningsarbeid, samt sikre kvalitet på oppfølging og rapportering for utløyning av midlar.

Styrke profilering og identitet av Telemark gjennom formidling av tiltrekningskraft frå reiseliv, kultur, kulturarv og næringsliv

- Telemarkslogoen frå den nye merkevareplattforma skal nyttast i samråd med Visit Telemark i alle samanhengar der regionale utviklingsprosjekt blir profilert.
- Styrke Telemarks omdømme og synlegheit gjennom partnerskapsavtale med ODD Grenland.
- Utvikle sterke nasjonale attraksjonar, til dømes Jomfruland, Gaustatoppen og Gaustabanen, gjennom aktivt offentleg samarbeid og regionale utviklingsprosjekt.
- Etablere regionale, nasjonale og internasjonale utviklingsprosjekt for å auke verdiskaping, kompetanse og utvikle vertskapsrollen knytt til UNESCO verdsarvsstatus.

Auke ressursutnytting, verdiskaping og næringsutvikling frå kultur og aktiv bruk av kulturarven

- Auke kulturbasert næringsutvikling gjennom regionale utviklingsprosjekt, med eit særleg merksemd på tenestedesign for metodisk og kreativt leverte heilskaplege, forstålege og attraktive tenester.
- Avklare framtidig organisering og lokalisering av fylkesbiblioteket.
- Avklare fast medlemskap og eigarskap i Sørnorsk filmsenter med tanke på vidareutvikling av filmproduksjon som næring.
- Utarbeide arbeidsstrategi for å oppnå statlig knutepunktfinansiering for Lysbuen Industri- og kunsthistoriske museum.
- Utarbeide arbeidsstrategi for etablering og utvikling av Telemarksarkivet (privathistorisk arkiv), finansiert 3-delt mellom kommunar, stat og fylket.
- Sikre eksisterande statlege og regionale tilskudd og utvikle tenestetilbodet til Teater Ibsen.

- Følgje opp forprosjektet for nybygg for Telemark Museum slik at ein søknad kan oppnå statstilskott.
